



## Innkalling

av

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 02.02.2015  
**Møtestad:** Formannskapssalen.  
**Møtetid:** 13:00 - 15:30

Eventuelle forfall må meldast til Margrethe Høyland per tlf. 56 37 51 61, sms til eller per epost til Margrethe.Hoyland@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Helsesøster/psykolog for elevar i barne/ungd./vid,g, skule.  
Framdriftsplan/status for utbygging for boligar Lindås Nord og Alversund - Risbekken.

### Sakliste

Saknr	Tittel
001/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/15	Godkjenning av møteprotokoll
003/15	Detaljreguleringsplan for Breimyra, Alverflaten, gbnr 137/109 og 144, m.fl, ny 1. gangs handsaming.
004/15	Detaljreguleringsplan for Bruvoll camping gbnr 55/1 og 35 m.fl, 1.gongs handsaming
005/15	Uttale til NOU 2014:12 Åpent og rettferdig - prioriteringer i helsetjenesten

21. januar 2015

Vetlemøy Wergeland  
leiar

Margrethe Høyland  
møtesekretær

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
001/15	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	02.02.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Margrethe Høyland	15/202

## Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent

## Saksopplysningar:

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
002/15	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	02.02.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Margrethe Høyland	15/202

## Godkjenning av møteprotokoll

32T

Protokoll - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.11.2014

Møteprotokollen vert godkjent

## Saksopplysningar:

## Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 10.11.2014  
**Møtestad:** 1.etg.vest, rådhuset  
**Møtetid:** 13:00 - 16:30

Reiddun Sæbdal: Orientering om fysioterapi og rehabilitering kl. 14.00  
Boligar i Alvermarka.  
Gamle saker.

**Svein Gjerstad** orienterte om status for nye bilgar. Rådet ynskjer framdriftsplan/status for boligar på Lindås Nord og framdriftsplan for Alversund - Risbekken. **Til neste møte i rådet i jan- 2015.**  
Det er ikkje øymerka lån til funksjonshemma,.

**Reidun Sæbdal** orienterte om fysioterapi og rehabilitering.  
Fysioterapitenesta er to-delt, kommunale fysioterapeuter og fysioterapeuter med driftstilskot.  
Det vart auke opp med 0,8 årsverk i 2013, men etterspørselen er større enn tilbudet. Det er vanlegvis venteliste på ca. 3 mnd. Det er ikkje lagt inn nye stillingar i 2015-budsjettet..  
Pasientar vert kalla inn til vurderingstime for å fastslå behovet.. Det er starta opp med "fall-forebyggjande" gruppetrening Nordh.hallen og det er på gang i Lindåshallen og. Lindås kommune har ikkje ergoterapeut, og Rådet ser det som svært viktig at det vert stillingsheimel for ergoterapeut for tilrettelegging i heimane. Dette også for å "spare" fysioterapeutane for arbeidet som er tiltenkt ergoterapeutane.

**Kommunalsjef Åslaug Brænde** orienterte om Tannhelsetenesta, klinikkstrukturplan 2015 - 2030, det som gjeld Nordhordland. Klinikkområde Fedje vert nedlagt 2015 og overført til Lindås. Lindås klinikkområde vert lagt ned i 2018 og overført til klinikkområde Knarvik i det nye Helsehuset.

### **Uttale til planen frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:**

- \* Tilbodet/tenesta må være til for brukaren. Det kjem ikkje tydeleg fram i planen.
- \* Det må takast omsyn til avstandar fra der brukarane bur og ikkje frå kommunen sitt noværande tilbod.
- \* Ambulerande tenester for tannlegar.
- \* Konsekvensen for brukaren vert vanskeleggjort ved sentralisering. F.eks. skuleborn, funksjonshemma og eldre. Desse treng alle fylgje.
- \* Kommunikasjon og reiseutgifter vert vanskeleg ved denne planen.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Vetlemøy Wergeland	KRF	Utvallsleiar
Solveig Johnsen		Medlem
Bente Orlen Westervik		Medlem

Øystein Reidar Moldeklev	FRP	Medlem
--------------------------	-----	--------

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Svein Arne Vabø		Nestleiar

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Kari Solveig Sæthre		Svein Arne Vabø

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Margrethe Høyland , Svein Gjerstad, Rune Kilen, Janne Sund,  
Åslaug Brænde, Reidun Sæbdal.

---

### Sakliste

Saknr	Tittel
016/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
017/14	Godkjenning av møteprotokoll
018/14	Trafikksikring i Knarvik.
019/14	Kunngjering - høyring av planprogram for Kommunedelplan for massehandtering - Lindåsneset med Mongstad
020/14	Økonomiplanen 2015 - 2018

**016/14: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

**10.11.2014 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

**RMNF - 016/14 VEDTAK:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**017/14: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

**10.11.2014 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

**RMNF - 017/14 VEDTAK:**

Møteprotokollen vert godkjent.

---

**018/14: Trafikksikring i Knarvik.**

## **10.11.2014 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Rune Kilen fra vegavd. orienterte om saka.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber om framdriftsplan for trafikkisikring og framkommeligheit i krysset ved turistinformasjonen og overgang Knarvik barneskule - parkeringshus ved Knarvik senter.

Samrøystes vedteke.

### **RMNF - 018/14 UTTALE:**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber om framdriftsplan for trafikkisikring og framkommeligheit i krysset ved turistinformasjonen og overgang Knarvik barneskule - parkeringshus ved Knarvik senter.

---

## **019/14: Kunngjering - høyring av planprogram for Kommunedelplan for massehandtering - Lindåsneset med Mongstad**

## **10.11.2014 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne påpeiker: Dersom der vert omlegging av nåverande vegsystem, må det takast omsyn til syn- og rørslehemma, og universell utforming.

Samrøystes vedteke.

### **RMNF - 019/14 UTTALE:**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne påpeikar: Dersom der vert omlegging av nåverande vegsystem, må det takast omsyn til syn- og rørslehemma, og universell utforming.

---

**020/14: Økonomiplanen 2015 - 2018**

**10.11.2014 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Økonomisjef Janne Sund orienterte.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har ingen merknader til planen, og rådet tek planen til etterretning.

Samrøystes vedteke.

**RMNF - 020/14 UTTALE:**

Økonomisjef Janne Sund orienterte.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har ingen merknader til planen, og rådet tek planen til etterretning.

---



# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
132/14	Plan- og miljøutvalet	PS	30.10.2014
	Eldrerådet	PS	
	Levekårsutvalet	PS	
003/15	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	02.02.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Julie Daling	14/1891

## **Detaljreguleringsplan for Breimyra, Alverflaten, gbnr 137/109 og 144, m.fl, ny 1. gangs handsaming.**

32T

12037\_Breimyra\_140730\_10-Plankart (L)(33681)

Føresegner Breimyra\_141014

Planskildring\_Breimyra\_09 10 2014

Vedtak i PMU med kommentarer (L)(33688)

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:** I medhald av plan- og bygningslova § 12-10 tilrår plan- og miljøutvalet å leggje reguleringsplan for Breimyra gnr.137 bnr.109,144 m.fl. i Lindås kommune ut til offentleg ettersyn.

### **Plan- og miljøutvalet - 132/14**

**PM - behandling:**

**Fellesframlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg med tillegg:**

*Det skal leggjast til rette for lading av el-bilar i parkeringsanlegget.*

Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samrøystes vedteke.

**PM - vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10 tilrår plan- og miljøutvalet å leggje reguleringsplan for Breimyra gnr.137 bnr.109,144 m.fl. i Lindås kommune ut til offentleg ettersyn.

Det skal leggjast til rette for lading av el-bilar i parkeringsanlegget.

**Saksopplysningar:**  
**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet.

**Bakgrunn og vurdering av endringar i planframlegget**

Reguleringsplan for Breimyra Gnr.137 Bnr.109, 14 m.fl. var til fyrste gongs handsaming i plan- og miljøutvalet i møte 22.01.2014, sak 5/14, der det vart fatta følgjande vedtak: PMU avviser saka, og ber administrasjonen senda saka attende til tiltakshavar med følgjande vilkår før utlegging til offentleg ettersyn:

1. Det er ikkje satt av nok uteopphaldsareal i forhold til kravet i kommuneplanen. Arealutnyttinga må grunngjevast i planskildringa og alternativ utnytting må vurderast.
2. Planområdet må utvidast i søraust slik at ein har full kontroll på at frisikten ikkje vert hindra av forstyrrende element i vegens tilgrensande areal.
3. Det må gjerast greie for korleis dagens standard på til dømes samlevegen og krysset ned til fylkesveg 565 er tilfredsstillande sett i forhold til den auka trafikken som kjem på grunn av utbygginga reguleringsplanen legg til rette for.
4. Føremålet O\_H1 må utvidast i retning NAT\_1 slik at leskuret kan setjast opp utanfor frisiktsona.
5. Det må lagast føresegn som sikrar at minst 2,5 % av parkeringsplassane er tilpassa rørslehemma.
6. Sikring av murar/skjeringar må sikrast i føresegnene og det må setjast rekkjefølgjekrav om at sikringa skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for BB1.
7. Det må takast inn føresegner som fastsett kva næringsområdet skal nyttast til.
8. Blokk #1 og #2 skal delast opp i to bygningskroppar slik illustrasjonane viser. Dette må sikrast i føresegnene.
9. Universell utforming for tilkomst til parkeringskjellar og leikeplass samt offentlege fortau/gangareal bør omtalast i pkt. 8.4 i planskildringa. Dette bør og synleggjerast med skisser for å illustrere teksten.
10. Det bør sikrast at ein bossbil kan snu inne på område ved BB1 der gjesteparkeringa skal etablerast. Alternativt må det visast korleis bossbil er tilstrekkeleg sikra.
11. Eigarform bør forankrast i føresegnene (jf. nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og

digitalt planregister, del 1).

12. Endre Friområde under pkt. §1.3 i føresegnene til Naturområde

13. Støttemurar samt rekkverk/gjerde ved høge skjeringar / murar bør visast på snitt og situasjonsplan.

14. Utreia tilstrekkeleg siktzone mellom byggjeområde og o\_KV1 i sving.

15. Ber om at det vert utarbeidd rekkefølgekrav for utbetring av kommunal veg og gangveg, ref. føresegner 4.1.1 og 4.2.1.

16. Presisering av variasjon på storleik av bueingane.

Forslagsstillar sitt tilsvaer på merknadene er lagt ved som vedlegg til saka. Tabellen under gjev ei punktvis vurdering av endringane som er gjort.

Reviderte plandokument som er vurdert er:

- Planskildring datert 08.10.2014.


- Plankart datert 30.07.2014.

- Føresegner datert 09.10.2014.

<b>Endringspunkt:</b>	<b>Kva er endra i tidl.plandok.:</b>	<b>Administrativ vurdering:</b>
<b>1</b>	<p>-Føresegn § 3.1.6: bestemmelsesområde #1 og #2 kan det etablerast felles takterrasse.</p> <p>-Ny føresegn § 3.1.8: «Det skal opparbeidast minst 30 m<sup>2</sup> felles uteopphaldsareal i BB1 pr eining. Areala kan etablerast på bakkenivå og som takterrasse i bestemmelsesområde #1 og #2.</p> <p>-Kap.8.5 er utvida.</p> <p>- Arealtabellen i kap.8.2 er oppdatert i høve uteopphaldsareal.</p> <p>-Fig.13 og 14 illustrerer totalt uteopphaldsareal.</p>	<p><i>Kan</i> i føresegn § 3.1.6 er vurdert til å vere akseptabel då det er kome inn ei ny føresegn §3.1.8 som set krav om min.30 m<sup>2</sup> felles uteopphald i BB1 pr. eining, enten på bakkeplan eller som takterrasse. Opparbeiding av felles takterrasse må i tillegg inngå som eit rekkefølgekrav. Administrasjonen har tilføyd dette til føresegn §2.3.4.</p> <p>Planskildringa kap. 8.5 gjev no ei meir utfyllande forklaring på korleis uteopphaldsarealet er tenkt løyst. Fig.13 viser i tillegg ei skisse over totalt uteopphaldsareal i planen. Skissene viser solrike og skjerma felles uteopphalds- og leikeområde.</p> <p>Arealkrava i kommuneplanen (§ 2.5 og 2.6) er i stor grad oppfylt i planforslaget. For konsentrert busetnad skal det setjast av eit areal for uteopphald som tilsvaerer MUA=50m<sup>2</sup> pr. buening og i tillegg eit areal på minst 50 m<sup>2</sup> pr buening for felles leik. Dette er oppfylt innanfor f_LP1 og BB1 (på tak eller bakke). Når det gjeld kravet om områdeleikeplass på</p>

		<p>250 m<sup>2</sup> for kvar 10.hovudbueining, er dette ikkje løyst innanfor planområdet. Ballbana i Alvermarka ligg ikkje meir enn 200 m frå «Breimyra» med trafikkisikker kryssing av Fv 565.</p> <p>Administrasjonen har ikkje høve til å stille absolutte krav om uteopphaldsareal i område som ligg innanfor kommunedelplanen for Knarvik- Alversund 2007-2019. Så lenge denne ikkje er rullert, vil føresegnene mangle spesifikke krav om uteopphaldsareal. Ein har kun høve til å rettleie i høve føresegnene som gjeld for Kommuneplanen sin arealdel 2011-2023.</p>
2	Plankartet er utvida mot søraust i frisktssona til krysset mot Fv565.	OK. Statens vegvesen som forvaltar av Fv.565 vil også vurdere temaet ved offentleg ettersyn.
3	Planskildringa kap.8.7 utgreier og illustrerer køyremønster for store bilar i fig. 15 og 16.	OK. Utifrå vegbreidde,fortau, siktlinjer og snumogelegheiter for lastebil, vurderer administrasjonen at planen ivaretek trafikkisikkerheit.
4	Plankartet er endra slik at leskuret kan setjast opp utanfor frisktssona.	OK. Eit areal på 5x2 m <sup>2</sup> vert vurdert som tilstrekkeleg for eit buss-skur.
5	Planføresegn § 3.1.5 er endra.	OK. Føresegna sikrar at 2,5% av p-plassane tilpassa rørslehemma.
6	Planføresegn §2.4.4 er endra.	OK. Sikring av murar og skjeringar er teke med i §2.4.4, men ikkje som rekkjefølgjekrav. Administrasjonen har tilføyd eit rekkjefølgjekrav om sikring i § 2.3.6.
7	Planføresegn §3.2.1 omtalar næring.	OK
8	Planføresegn §3.2.1 er lagt til.	OK
9	Planskildring kap.8.4.	OK. Skisse og tekst viser at det er tenkt på universell utforming både av p-kjellar og tilkomst til 70% av leilighetene. Elles er kravet til universell tilgjenge godt heimla i §2.4.4 og § 2.4.5 i føresegnene.
10	Fig. 16 i kap.8.9 viser sporingskurve for bossbil.	OK. Fig. 16 viser at bossbil kan snu inne på området ved BB1 der gjesteparkeringa skal etablerast.
11	Eigarform av ulike arealføremål er definert i §1.3	OK
12	§1.2 pkt. 3 er endra til Naturføremål.	OK
13	Dette punktet er ikkje endra i plandokumentet. Planfremjar ønskjer at detaljar vert vist i byggesøknad.	OK. Dokumentasjonskrava ved byggemelding er definert i § 2.2.1 og fangar opp dette i omsynet.
14	Planfremjar svarer at det ikkje finst formelle krav til sikt i sving for vegar av denne dimensjoneringsklassen. Sikta i	Vegen vert definert som ein samleveg og siktkrav vil vere avhengig av fartsgrense. Med grunnlag i ei fartsgrense på 30 km/t, vurderer administrasjonen at det er tilstrekkeleg med

	svingen er på minst 35-40m.	35-40m sikt i svingen.
<b>15</b>	Planføresegn § 2.3.2 definerer rekkjefølgjekrav for vegar og fortau.	OK
<b>16</b>	Planføresegn §2.4.2 presiserer at det skal vere variasjon i storleik på bustadene i alle etasjar.	OK



### TEIKNFORKLARING

SOSI ver. 4.5

**AREALFØREMÅL** (PBL §12-6)

- BYGG OG ANLEGG (PBL §12-5 nr. 1)
  - BB Bustader - blokk (113)
  - N Næring (1300)
  - EA Energi- og vannanlegg (1510)
  - LP Leikeplass (1610)
- SAMFERDSLSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL §12-5 nr. 2)
  - KV Køyreveg (2011)
  - FT Fortau (2012)
  - GY Gangveg/gangareal (2016)
  - AVT Anna veggrunn - tekniske anlegg (2018)
  - AVG Anna veggrunn - grentareal (2019)
  - HP Haldeplass (2025)
- GRØNTSTRUKTUR (PBL §12-5 nr. 3)
  - NAT Naturområde (3020)
- LANDBRUK-, NATUR- OG FRILUFTS-OMRÅDER (PBL §12-5 nr. 5)
  - LNA Naturforemål av LNFR (5120)
- OMSYNSSONE (PBL §12-6, §11-8)
  - SIKRINGS-, STØY- OG FARESONER (PBL §11-8a)
    - Friskitsoner ved veg (140)
    - Faresone høgspektanlegg (370)
- BESTEMMELSESMÅL (PBL §12-7)
  - Uformig (maksimum høyde C +) (1)

**JURIDISKE TEKSTER, LINE- OG PUNKTSYMBOL** (JF. REGULERINGSFØRESENER)

- Piangrense (RpGrense)
- Føremålsgrense (RpFormalGrense)
- Eiendomsgrense som skal opphevet (1204)
- Byggrense (1211)
- Bygg som skal fjernes (1219)
- Regulert senterline (1221)
- Friskitline i vegkryss (1222)
- Regulert kant køyrebane (1223)
- Regulert støyskjerm (1227)
- Regulert støttemur (1228)
- Stenging av avkjørsel (1241)
- Regulert avkjørsel (1242)
- Planeringshøyde veg +20
- Maksimal byggehøyde C +13
- Offentleg arealføremål
- Felles arealføremål

**BASISKART**

- Eiendomsgrense (4011)
- Geodetisk grunnlag: UTM32\_Euref 89
- Geodetiske høydegrunnlag: NN1954
- Uttaksdato basiskart: 23.04.2012
- Kartmålestokk: 1:500 @ A2
- Ekvidistanse: 1m

Reguleringsplan, detaljregulering for:

**LINDÅS KOMMUNE, gnr. 137, bnr. 109 og 144 m. fl. BREIMYRA. PlanID: 1263-201007**

Sakshandsaming i følge plan- og bygningstova	Dato	Plankart datert	Føresegner datert
Kunngjering oppstart	01.08.2012		
Offentleg ettersyn, vedtak	dd.mm.åå	dd.mm.åå	dd.mm.åå
Offentleg ettersyn, fra - til	dd.mm.åå - dd.mm.åå	dd.mm.åå	dd.mm.åå
2.gangs handsaming, vedtak	dd.mm.åå	dd.mm.åå	dd.mm.åå
<b>Lindås kommunestyre, vedtak</b>	<b>dd.mm.åå</b>	<b>dd.mm.åå</b>	<b>dd.mm.åå</b>
Kunngjering vedtatt reguleringsplan	dd.mm.åå	dd.mm.åå	dd.mm.åå
Utarbeidd av:	Forslagsstiller:	Lindås kommune saksnummer	---
And arealplan as Domkirkegaten 3, 5017 Bergen	Hordaland byggutvikling AS	Siste revisjonsdato plankart	30.07.2014

Det vort stadfesta at plankartet er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak:

## Lindås kommune Breimyra

Reguleringsplan: Breimyra

Plan id.: 1263-201007

Dato sist revidert: 14.10.2014

### Reguleringsføresegner for Breimyra, gnr. 137, bnr. 109 og 144 m. fl., Lindås kommune (pbl § 12-7)

#### § 1 Generelt

§ 1.1 Det regulerte området er vist på plankart i mål 1:500, dagsett 30.07.2014

§ 1.2 Planområdet skal nyttast til følgjande føremål:

1. Busetnad og anlegg  
(PBL-08 § 12-5 ledd nr. 1)
  - Bustader - blokk
  - Energianlegg
  - Leikeplass
2. Samferdselanlegg og teknisk infrastruktur  
(PBL-08 § 12-5, ledd nr. 2)
  - Kjøreveg
  - Fortau
  - Gangveg/gangareal
  - Anna veggrunn - grøntareal
  - Haldeplass
3. Grønstruktur  
(PBL-08 § 12-5 ledd nr. 3)
  - Naturområde
4. Landbruk-, natur- og friluftsområder  
(PBL-08 § 12-5 nr. 5)
  - Naturføremål av LNFR
5. Omsynssone  
(PBL § 12-6 jf. § 11-8)  
Sikrings-, støy og faresonar
  - Frisiktsone ved veg
  - Faresone høgspantanlegg

#### § 1.3 Eigarform:

##### 1.3.1 Offentlege areal

Følgjande areal er offentlege:

- Køyreveg o\_KV1 og o\_KV3
- Fortau o\_FT1 - o\_FT5
- Anna veggrunn grøntareal o\_AVG1- o\_AVG4
- Haldeplass o\_HP1

##### 1.3.2 Felles areal

Følgjande areal er felles for bustader i BB1:

- Leikeplass f\_LP1
- Anna veggrunn grøntareal f\_AVG6
- Anna veggrunn tekniske anlegg f\_AVT1

- Gangveg f\_GV1

Følgjande areal er felles for bustader i BB1 og 137/197:

- Køyreveg f\_KV4

Følgjande areal er felles for 137/19, 25, 109, 145, 292, 325, 445, 469, 474, 505 og 557:

- Køyreveg f\_KV6

#### § 2 Fellesføresegner

##### § 2.1 Byggegrenser

2.1.1 Nye bygg skal plasserast innanfor byggegrensa. Der det ikkje er byggegrenser gjeld føremålsgrrensa som byggegrense.

##### § 2.2 Dokumentasjon til byggemelding

2.2.1 Ved innsending av rammesøknad skal det leggest ved teikningar av plan, snitt og fasadar, profiler og situasjonsplan i målestokk 1:500 der det vert gjort greie for avkjørsler, eksisterande og framtidig terreng, vegetasjon, forholdet til nabobygg, eventuelle murar, trappar, gjerder og uteoppfallsareal.

2.2.2 Bustader skal byggast og plasserast på ein måte som gjer at radonverdiar i innemiljøet ikkje overskrider nedre tiltaksgrænse på 100 Bq/m<sup>3</sup> luft. Ved innsending av byggesøknad skal dette dokumenterast og eventuelle tiltak gjerast greie for.

##### § 2.3 Rekkefølge

2.3.1 Det skal utarbeidast ein VA-rammeplan som gjer greie for vass- og avlaupshøve innafor planområdet. Denne skal godkjennast av VA-etaten ved Lindås kommune før det vert gjeve byggeløyve.

2.3.2 o\_KV1 (frem til f\_KV4), KV2, o\_KV3, o\_FT2-4 skal være ferdig opparbeidd før igangsettingstillatelse til bustader i BB1 vert gjeve.

2.3.3 f\_GV1 skal vere ferdig opparbeidd før det vert gjeve ferdigattest til bustader i BB1.

2.3.4 Leikeplass f\_LP1 i tillegg til 30 m<sup>2</sup> felles uteopphald i BB1 pr. eining, skal vere ferdig opparbeida før det vert gjeve ferdigattest til bustader i BB1.

2.3.5 Det skal sikrast at uteområda har støynivå under  $L_{den} = 55\text{dB(A)}$  og det må dokumenterast at val av løysingar for fasadar og balkongar tilfredsstiller krav til

- innandørs støy, før det vert gjeve ferdigattest til bustader i BB1.
- 2.3.6 Sikring av murar og skjeringar skal vere på plass før det vert gjeve bruksløyve for BB1.
- § 2.4 Krav til utforming**
- 2.4.1 Ny utbygging skal tilpassast eksisterande terreng og vegetasjon, og fylgje Lindås kommune sine estetiske retningslinjer.
- 2.4.2 Det skal leggjast til rette for variasjon i storleiken på bustadane i alle etasjar.
- 2.4.3 Ved utarbeiding av situasjonsplanar skal det leggjast vekt på miljømessige kvalitetar i val av materialar, vegetasjon og belysning.
- 2.4.4 Skjeringar og fyllingar skal dekkast og såast til. Murar og skjeringar skal sikrast.
- 2.4.5 Illustrasjonar i plansaka er retningsgjevande og ikkje juridisk bindande.
- § 2.5 Universell utforming**
- 2.5.1 Ved detaljplanlegging av bustadområda sine inne- og utemiljø skal prinsippa om universell utforming leggjast til grunn. Tilkomst til parkeringskjellaren skal vere universelt utforma. Universell utforming skal dokumenterast i situasjonsplan og i søknad om byggeløyve.
- 2.5.2 Minimum 70 % av bustadeiningane i planområdet skal ha universell utforming.
- § 2.6 Automatisk freda kulturminne**
- 2.6.1 Dersom det under anleggsarbeid vert oppdaga automatisk freda kulturminne, i form av til dømes helleristningar, flint, brent leire, keramikk, groper med trekull og/eller brent stein etc., skal arbeidet stoppast og Hordaland fylkeskommune skal underrettast, jf. Lov om kulturminne av 1978, §8,2. ledd.
- § 3 Busetnad og anlegg**  
(PBL-08 § 12-5 ledd nr 1 )
- § 3.1 Blokk BB1**
- 3.1.1 I området avsett blokk, er det tillate å oppføre 28 bustadeiningar med tilhøyrande anlegg.
- 3.1.2 Maksimal tomteutnytting for BB1 er BYA=60 %.
- 3.1.3 Maksimum mønehøgde for BB1 er:  
- #1: kote +75,0  
- #2: kote +73,0  
- #3: kote +70,0
- 3.1.4 Inngjerding og planting skal ikkje vere sjenerande for naboar og ålmenn ferdsel.
- Ubygd areal skal gjevast ei tiltalende utforming.
- 3.1.5 Bustadeiningane skal ha parkeringsdekning på 1,5 bilplass og 1 sykkelplass per eining. Minst 2,5 % av plassane skal tilpassast rørslehemma.
- 3.1.6 I bestemmelsesområde #1 og #2 kan det etablerast felles takterrasse.
- 3.1.7 Bygningar i bestemmelsesområde #1 kan vere samanhengande med bygningar i #2, men skal gjevast ei utforming som syner to volum. Mellom #2 og #3 skal det vere opent og bygg kan ikkje henge saman.
- 3.1.8 Det skal opparbeidast minst 30m<sup>2</sup> felles uteopphaldsareal i BB1 per eining. Areal kan etablerast på bakkenivå og som takterrasse i bestemmelsesområde #1 og #2.
- § 3.2 Næring**
- 3.2.1 N1 er areal for næring og kan nyttast til industri og lagerverksemd.
- § 3.3 Energianlegg**
- 3.3.1 EA1 er areal for energianlegg.
- § 3.4 Leikeplass**
- 3.4.1 Leikeplass f\_LP1 er felles for bustadar i BB1.
- 3.4.2 Areal skal opparbeidast med leikeapparat, gangveg, plantar, sitjeplassar og liknande. Arealet skal gjevast ei tiltalende utforming.
- § 4 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**  
(PBL-08 § 12-5, ledd nr 2)
- § 4.1 Køyreveg**
- 4.1.1 o\_KV1 er offentleg køyreveg. o\_KV1 skal opparbeidast med fast dekke.
- 4.1.2 KV2 tilkomstveg til gnr/bnr 137/428.
- 4.1.3 o\_KV3 er offentleg køyreveg. o\_KV3 skal opparbeidast med fast dekke.
- 4.1.4 f\_KV4 er tilkomstveg til BB1 og gnr/bnr 137/197.
- 4.1.5 KV5 er tilkomstveg til gnr/bnr 137/197.
- § 4.2 Fortau**
- 4.2.1 Fortau o\_FT1-5 er offentleg fortau langs o\_KV1. Fortaua skal opparbeidast med fast dekke samtidig med o\_KV1.
- § 4.3 Gangveg**
- 4.3.1 f\_GV1 er felles gangveg mellom bustader i BB1 og busshaldeplass o\_HP1. Gangvegen skal opparbeidast med fast dekke og maksimal stigning på 1:10.



**§ 4.4 Anna veggrunn - grøntareal**

- 4.4.1 o\_AVG1 er offentlig areal.
- 4.4.2 f\_AVG3 er felles areal for BB1.
- 4.4.3 Areal for anna veggrunn - grøntareal kan nyttast til infrastruktur. Areala skal tilsåast med stadeigen vegetasjon eller gjevast anna tiltalande utforming.

**§ 4.5 Haldeplass**

- 4.5.1 o\_HP1 er venteareal ved busshaldeplass.
- 4.5.2 I o\_HP1 er det tillate å sette opp leskur.

**§ 5 Grønstruktur**

(PBL-08 § 12-5 ledd nr. 3)

**§ 5.1 Naturområde**

- 5.1.1 NAT1-2 er naturområde. Vegetasjon skal beholdast i området.

**§ 6 Landbruk-, natur- og friluftsområde.**

(PBL-08 12-5 NR. 5)

**§ 6.1 Naturføremål av LNFR**

- 6.1.1 LNA1-3 er naturområder.

**§ 7 Omsynssone**

(PBL § 12-6 jf. § 11-8)

**§ 7.1 Sikrings-, støy- og faresoner**

- 7.1.1 Frisiktzone ved veg. Frisiktsonene skal ha fri sikt 0,5m over veghøgde ved tilstøytande vegar.
- 7.1.2 Faresone høgspantanlegg. Bygg og anlegg for varig opphald er ikkje tillate i faresone for høgspantanlegg.

TEKNISKE TENESTER  
Rådmannen  
Lindås kommune

# Ard arealplan

Side | 1

Ard arealplan as  
Domkirkegaten 3  
5017 Bergen

FORSLAGSTILLER SI  
PLANSKILDRING

## **Breimyra**

Alvervegen 10  
GNR 137/ BNR 109 og 144 m. fl.

**LINDÅS KOMMUNE**

Plannr.: 1263-201007  
Saksnr.:

Sist oppdatert: 08.10.2014

## INNHALD

1	SAMANDRAG .....	4
2	NØKKELOPPLYSNINGAR .....	5
3	BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET .....	6
3.1	BAKGRUNN .....	6
3.2	INTENSJONEN MED PLANFORSLAGET .....	6
4	PLANPROSESSEN .....	7
4.1	VARSLING .....	7
4.2	MERKNADER I SAMBAND MED VARSLING .....	8
5	GJELDANDE PLANSTATUS .....	9
5.1	FYLKES(DEL)PLAN.....	9
5.2	KOMMUNEPLAN/KOMMUNDEDELPLAN .....	9
5.3	REGULERINGSPLANAR .....	9
5.4	EVENTUELLE TEMAPLANAR .....	10
5.5	RIKSPOLITISKE RETNINGSLINER .....	10
6	SKILDRING AV PLANOMRÅDET .....	12
6.1	LOKALISERING.....	12
6.2	AVGRENSING .....	12
6.3	TILSTØYTANDE AREAL SITT BRUK/STATUS .....	13
6.4	EKSISTERANDE BUSETNAD .....	13
6.5	TOPOGRAFI/LANDSKAPSTREKK .....	13
6.6	SOLTILHØVE .....	13
6.7	VEGETASJON, DYRELIV OG ANDRE NATURILHØVE .....	13
6.8	GRØNE INTERESSER.....	13
6.9	KULTURMINNE.....	13
6.10	VEG OG TRAFIKKILHØVE .....	13
6.11	STØY .....	14
6.12	OFFENTLEG KOMMUNIKASJON/ KOLLEKTIVDEKNING .....	14
6.13	VATN OG AVLAUP .....	15
6.14	ENERGI.....	15
6.15	PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD.....	15
6.16	RISIKO.....	15
6.17	PRIVATRETTSLEGE BINDINGAR.....	15
7	UTGREIING I HHT. FØRESKRIFT OM KONSEKVENUTGREIINGAR .....	15
8	SKILDRING AV PLANFORSLAGET .....	16
8.1	INNLEIING.....	16
8.2	REGULERINGSFØREMÅL .....	17
8.3	BYGGEFØREMÅL.....	18
8.4	UNIVERSELL UTFORMING .....	19
8.5	LEIK/UTEOPPHALDSAREAL .....	19
8.6	PARKERING/GARASJE(R).....	20
8.7	TRAFIKKAREAL .....	20

8.8	STØYTILTAK .....	21
8.9	AVFALLSHANDTERING/MILJØSTASJON .....	21
8.10	RISIKO.....	22
9	KONSEKVENSAV PLANFORSLAGET .....	23
9.1	OVERORDNA PLANAR OG VEDTAK .....	23
9.2	EKSISTERANDE REGULERINGSPLANAR .....	23
9.3	UNIVERSELL UTFORMING .....	23
9.4	KONSEKVENSAV FOR NABOER .....	23
9.5	TRAFIKK- OG PARKERINGSTILHØVE.....	24
9.6	KULTURMINNE.....	24
9.7	FRILUFTSAKTIVITET, NATUROMRÅDE, BORN OG UNGE SINE INTERESSER I NÆRMILJØET .....	24
9.8	PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD .....	24
9.9	KONSEKVENSAV FOR NÆRINGSINTERESSER.....	24
9.10	JURIDISKE/ØKONOMISKE KONSEKVENSAV FOR KOMMUNEN .....	24
9.11	ROS-ANALYSE .....	25
10	MERKNADAR .....	29
10.1	SAMLA MERKNADAR .....	29
11	FORSLAGSSTILLER SIN AVSLUTTANDE KOMMENTAR .....	31

## FIGURLISTE

1	VARLINGSANNONSA FOR PLANSTART .....	7
2	PLANGRENSE VED VARSLING AV FØRSTE PLANUTVIDING. ....	7
3	PLANGRENSE VED VARSLING AV ANDRE GONGS UTVIDING. ....	8
4	UTSNITT AV KOMMUNEDELPLAN FOR KNARVIK - ALVERSUND .....	9
5	UTSNITT AV TILSTØYTANDE GJELDANDE REGULERINGSPLAN VEDTEKEN 07.02.02. ....	10
6	FLYFOTO MED PLANGRENSE .....	12
7	SKRÅFOTO AV OMRÅDET SETT FRÅ SØR.....	13
8	TRAFIKKULUKKER I OMRÅDET .....	14
9	UTSNITT AV STØYSONEKART FRÅ STATENS VEGVESEN BASERT PÅ TRAFIKKPROGNOSER FOR ÅR 2025. ....	14
10	PLANKARTET .....	16
11	SKISSE AV PLANLAGT BUSTADPROSJEKT INNANFOR RAMMENE I REGULERINGSPLANEN. ....	17
12	PLANOMRÅDET SETT FRÅ ALVERVEGEN 14 I NORDAUST. (ARK. BØRTVEIT & CARLSEN AS) .....	19
13	SKISSE SOM SYNES TOTALT UTEOPPHOLDSAREAL I PLANEN. ....	20
14	SKISSE AV DET SOLRIKE OG SKJERMA FELLES UTEOPPHALDS- OG LEIKEOMRÅDE. ....	20
15	TEIKNINGA SYNER PLANKARTET I GRÅTT MED EKSISTERANDE ASFALTERTE VEGBREDDE .....	21
16	TEIKNINGA SYNES AT LASTEBILAR KAN SNU I DEN REGULERTE AVKØYRSLA OG GJESTEPARKERING. ....	22
17	PROSJEKTET SETT FRÅ TERRASSE I ALVERVEGEN 23 (ARK. BØRTVEIT & CARLSEN AS) .....	23
18	PROSJEKTET SETT FRÅ TERRASSE I ALVERVEGEN 16 (ARK. BØRTVEIT & CARLSEN AS) .....	23

## 1 SAMANDRAG

Planområdet har gode kvalitetar som gjer at området ligg godt til rette for utbygging i høve til planforslaget og arkitekten sine skisser.

Planforslaget legg opp til to bygg rundt eit stort felles uteopphalds- og leikeområde. Det sørlege bygget består av 8 einingar i eit to-etasjars bygg, medan det nordlege inneheld 20 einingar fordelt over tre bustadetasjar. Dette bygget har parkeringsanlegg under bakken, og ein bodetasje med garasjeplassar i halve bygget i første etasje. Bygga i planområdet omkransar eit felles, solrikt og skjerma uterom av høg kvalitet. Uterommet er tenkt å få ei parkmessig opparbeiding med grusgangar og planta områder, og med nærleikeplassar til små og større born. Uterommet gir rom for fellesskap mellom bebuarane, trygge leikeplassar og eit skjerma område for rekreasjon. Arealet vil henge saman med grøntareal rundt bustadane, og med naturområde mellom fylkesvegen og støyskjermen. Utforming av planen sikrar at bustadane får lys, luft og sol, og fasade mot eit ope, grønt areal. Bustadane får balkongar og private uteområde mot det felles uteoppholdsrommet. Opphaldsromma i leiligheitene vender mot uteområdet, som gir sørvestvendte rom og gode vilkår for dagslys og bukvalitet.

Planforslaget legg til rette for framtidig utviding av Alvervegen og etablering av fortau. Vidare regulerer planforslaget eksisterande nye tilkomstvegar til dei nye bustadane og tilgrensande. Det vert lagt opp til at dei fleste parkeringsplassane kjem i parkeringsanlegg, og sykkelparkering under tak.

## 2 NØKKELOPPLYSNINGAR

Stad	Alver
Gardsnamn (adresse i sentrum)	Alvervegen 10 og 12
Gardsnr./bruksnr.	137/109 og 144 m. fl.
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommune(del)pl.)	
Forslagstillar	Hordaland Byggutvikling AS
Grunneigar (sentrale)	Hordaland Byggutvikling AS
Plankonsulent	Ard arealplan as, Arkitektkontoret Børtveit og Carlsen
Ny plans hovudføre mål	Bustadar
Planområdets størrelse i daa	9,953 daa
Tal på nye bustader/nytt næringsareal (BRA)	28
Aktuelle problemstillingar (støy, byggehøgde o.l.)	Støy
Føreligg det varsel om motsegn (j/n)	n
Konsekvensutgreiingspliktig (j/n)	n
Kunngjering oppstart, dato	01.08.2012
Fullstendig planforslag mottatt, dato	
Informasjonsmøte haldt (j/n)	n

### 3 BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

#### 3.1 BAKGRUNN

Planforslaget starta med bakgrunn i å realisere fleire bustader på eigedommen Alvervegen 10. Bustaden her har ikkje vore busett på mange år og ber preg av førefall. Undervegs i planprosessen vart òg Alvervegen 12 kjøpt, og dette opna for moglegheit til å byggje ut for fleire bustader og skapa eit vesentleg større felles grøntområde og leikeareal av høg kvalitet.

Side | 6

Strekningen Knarvik-Alversund er eit spanande vekstområde som ligg sentralt i Lindås. Området er sørvestvendt utsyn til Kvernafjorden i sørvest og med Tveitavarden i nordaust, og planområdet har svært gode solforhold heile dagen. Strekingen er i stor utvikling og er nylig bygd ut med ei rekke offentlege tilbod, butikkar og næring. Det er fleire barnehagar, to barneskular, ungdomsskule og videregående skule, kyrkje idrettsanlegg innanfor 2,5 km frå planområdet. Alvermarka har ballplass og friområde innanfor 350 m frå planområdet, og i tillegg grensar det til ei av hovudtilkomstane til naturområdet Tveitavarden. Infrastrukturen for mjuke trafikantar er bygd ut med trygg kryssing av fv 565 og fortau til Knarvik.

Området er i dag bygd ut med bustadar av variert struktur. Hovudtyngda er einebustadar og tomannsbustadar, men seinare år har fleire leiligheiter i Alverhagen og Isdalsbakken og rekkehus i Brørakastet kome til.

#### 3.2 INTENSJONEN MED PLANFORSLAGET

Intensjonen med planforslaget er å realisere fleire bustader på eit areal som i dag er utforma som romslege einebustadtomter. Husa som står der er utdaterte og ikkje eigna for busetnad etter dagens tekniske krav. Utbygging av bustader i området må underbygge dei gode kvalitetane i området. Arkitekten har i skisseprosjektet sett desse måla:

- *at dei visuelle kvalitetane i området skal underbyggjast av nye bygg og anlegg, slik at tiltak i området vert visuelt gode tilvekstar til eksisterande bygg og anlegg.*
- *å leggja til rette for gode bukvalitetar for dei som flytter inn i prosjektet, og for dei som bur i omkringliggjande bustadar.*
- *at tiltak i området er tilpassa topografiske tilhøve, naturtilhøve, klima og miljøtilhøve på staden.*
- *å leggja til rette for funksjonelt gode løysingar for dei som brukarar og innbyggjarar i området og brukarar av allmeint tilgjengelege delar av området.*
- *at tiltak i planområdet i seg sjølv har god dimensjonering og materialbruk, og varig gode løysingar som gjer at anlegget framstår som velforma og attraktivt i si levetid.*

## 4 PLANPROSESSEN


### 4.1 VARSLING

Oppstart av planarbeidet vart varsla med brev den 26.07.2013, og i avisa Nordholdland den 01.08.2012.

#### OPPSTART AV PLANARBEID

DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR. 137/ BNR. 109 M. FL.,  
ALVERVEGEN 10, LINDÅS KOMMUNE.

Side | 7



I medhald av plan og bygningslova § 12-8 vert det med dette varsla at privat tiltakshavar skal setje i gong arbeid med å utarbeide detaljreguleringsplan for gnr. 137 bnr. 109 m. fl., Alvervegen 10, Lindås kommune

Hordaland byggutvikling AS er tiltakshavar.

Plan Vest Bergen As er konsulent for reguleringsplanarbeidet.

Planområdet er om lag 4 daa og ligg mellom Alverflaten og Alvervegen i Lindås kommune. Området er i kommunedelplan for Knarvik – Alversund 2007 – 2019 regulert som «noverande/regulert bustadområde». Planarbeidet har til hensikt å detaljregulere området til bustader.


Naboar og grunneigarar vert varsla direkte. Innspel eller merknadar som angår løysingar eller gjeld særlege behov kan sendast skriftleg til: Plan Vest Bergen As, Domkirkegaten 3, 5017 Bergen, eller post@planvestbergen.no. Frist for merknadar er satt til 14. sep. 2012.

Meir informasjon kan du få ved å kontakte Plan Vest Bergen As på tf. 55 31 95 00.



#### 1 - Varlingsannonsa for planstart.


Planen vart på hausten 2012 utvida til òg å omfatte Alvervegen 12. Utvida plangrense vart varsla med brev 17.01.2013.



#### 2 - Plangrense ved varsling av første planutviding.



Vinteren 2013 vart det bestemt at ei utviding av Alvervegen i samband med denne planen og ved ei eventuell realisering av industriområdet som får tilkomst frå Alvervegen, skulle inngå i reguleringsområdet. Dette vart varsla med brev 09.04.2013



3 - Plangrense ved varsling av andre gongs utviding.

#### 4.2 MERKNADER I SAMBAND MED VARSLING

I samband med varslingane kom det inn merknadar frå fire offentlege instansar. Statens vegvesen, Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune responderte på alle tre varslingane, medan BKK NETT kom med merknad ved siste varsling. Varslingane er at attgjevne og kommenterte i kapittel 10.


## 5 GJELDANDE PLANSTATUS

### 5.1 FYLKES(DEL)PLAN

- Fylkesplan for Hordaland 2005 - 2008
- Fylkesdelplan for energi, 2001-2012
- Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland, 2001-2004
- Fylkesdelplan for kulturminne, 1999-2010
- Fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, 2008-2012
- Fylkesdelplan: Deltaking for alle - universell utforming, 2006-2009
- Klimaplan for Hordaland 2010-2020

### 5.2 KOMMUNEPLAN/KOMMUNEDEDELPLAN

I kommunedelplan for Knarvik - Alversund er området avsett til bustadområde.



4 - Utsnitt av kommunedelplan for Knarvik - Alversund

### 5.3 REGULERINGSPLANAR

Planområdet er ikkje tidlegare regulert i reguleringsplan. Tilstøytande planområdet er ein reguleringsplan for Ikenberget.



5 - Utsnitt av tilstøytande gjeldande reguleringsplan vedteken 07.02.02.

#### 5.4 EVENTUELLE TEMAPLANAR

- Kommunedelplan for skule 2010-2020
- Hovudplan for vatn
- Hovudplan for avløp
- Plan for idrett, nærmiljø og friluftsliv
- Kommunedelplan trafikk sikring 2010-2022
- Barnehageplan 2012-2015
- Kommunedelplan for klima og energi 2010-2020

#### 5.5 RIKSPOLITISKE RETNINGSLINER

Dei rikspolitiske retningslinene for samordna areal- og transportplanlegging har som mål at transportsystem skal utviklast slik at dei fremmar samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, med miljømessige gode løysingar, trygge lokalsamfunn og bustadmiljø, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Det skal leggest til grunn eit langsiktig, berekraftig perspektiv i planlegginga.

Dei rikspolitiske retningslinene for barn og planlegging har som mål og sikre eit oppvekstmiljø som gir barn og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknadar. Det skal sikrast at oppvekstmiljøet har dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ei kvar tid samsvarar med eksisterande kunnskap om barn og unge sine behov.

Dei rikspolitiske retningslinene for universell utforming er retningsliner som i særleg grad tar opp i seg dei spesielle utfordringane med ein aukande eldre befolkning. Den seier at: Alle menneske i heile landet skal ha like moglegheiter til å utvikla sine evner og leva gode og meningsfylte liv. Det vil bli lagt til rette for at personar med nedsett funksjonsevne kan ivareta sine rettar og plikter som samfunnsborgarar. Personar som lever med funksjonshemmingar skal sikrast levkår og livskvalitet på line med den resten av befolkninga. Universell utforming er ein strategi for planlegging og utforming av produkt og omgivnader for å oppnå eit inkluderande samfunn med full likestilling og deltaking for alle.

Universell utforming vert definert som:

Universell utforming er utforming av produkt og omgivnader på ein slik måte at dei kan brukast av alle menneske, i så stor utstrekking som mogleg, utan behov for tilpassing og spesiell utforming.

Formålet med rikspolitiske retningsliner for universell utforming er å klargjera og sikra at omsynet til universell utforming blir ivaretatt i den kommunale og fylkeskommunale planlegginga etter plan- og bygningslova. Det nasjonale mål for universell utforming føreset målretta arbeid innanfor fleire samfunnssektorar, blant anna samferdsel, helse, arbeid, utdanning, IKT og kultur. Retningslinene skal bidra til å skapa samanhengande tilgang i omgivnadane. Lokalisering av ulike tiltak og funksjonar i forhold til kvarandre, og i forhold til ulike transportsystem, verkar inn på den enkelte sin sjanse til å delta i samfunnet. Tilfredsstillande tilgjengelegheit

for personar med nedsett funksjonsevne til alle delar av den daglege reisekjede, frå bustad til arbeidsplass, skule, privat og offentleg service osv. bør vera eit berande prinsipp i planlegginga.

## 6 SKILDRING AV PLANOMRÅDET

### 6.1 LOKALISERING

Planområdet ligg ved Alverflaten mellom Alversund og Knarvik.



Side | 12

### 6.2 AVGRENSING



6 - Flyfoto med plangrense

### 6.3 TILSTØYTANDE AREAL SITT BRUK/STATUS

Området grenser til fylkesveg 565, kommunal veg og eksisterande bustadområde. Det er kort veg til turområde og natur langs Tveitavarden og langs fjorden.


### 6.4 EKSISTERANDE BUSETNAD

Innanfor planområdet er det i dag to einebustader. Området rundt planområdet er bustadområde av ulike opphavsår. Bustadområda i sørvest består i hovudsak av eine- og tomannsbustader. Områda i søraust består av ei blanding av bustader, blokker og næringsområde. Alver næringsområde ligg like ved planen i nordaust, og har i dag industri- og lagerverksemd.

Side | 13

### 6.5 TOPOGRAFI/LANDSKAPSTREKK

Planområdet er småkuppert og strekk seg frå 59 til 66 moh. Alverflaten er ei flate som strekk seg frå fjorden og mot skråninga til Tveitavarden 196 moh. Planområdet ligg om lag midt på denne flata.



7 - Skråfoto av området sett frå sør.

### 6.6 SOLTILHØVE

Området skråar mot sør og vest og har svært gode soltilhøve.

### 6.7 VEGETASJON, DYRELIV OG ANDRE NATURTILHØVE

Det er i Direktoratet for naturforvaltning si naturbase ikkje registrert verna vegetasjon, dyreliv eller andre naturtilhøve i eller i nærleik til planområdet.

Berggrunnen i planområdet er anortositt, stadvis òg med gabbro.

### 6.8 GRØNE INTERESSER

Planområdet har vegetasjon og til dels tett skog. Området er privatisert og ålmenta har ikkje tilgjenge til tomte. Planområdet er ikkje del av ei større eining med grøntstruktur.


### 6.9 KULTURMINNE

Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i nærleiken til planområdet.

### 6.10 VEG OG TRAFIKKTILHØVE

Planområdet ligg mellom fv565 Alverflaten ei side og den kommunale vegen Alvervegen på to sider. Alverflaten har ein ÅDT på mellom 6500 og 8500. Fartsgrensa for Alverflaten er ved staden 70 km/t. På den kommunale Alvervegen er ho 50 km/t.

Alverflaten er ulukkesbelasta. Kring krysset ved Alvervegen og planområdet er det registrert 3 ulukker med mindre eller ingen skadar. Nord og sør om krysset er det registrert ulukker med alvorleg skadde og drepte.



8 - Trafikkulukker i området

### 6.11 STØY

Området er utsett for støy frå Alverflaten. Delar av planområdet ligg i raud støysone og delar i gul.



9 - Utsnitt av støysonekart frå Statens vegvesen basert på trafikkprognoser for år 2025.

### 6.12 OFFENTLEG KOMMUNIKASJON/ KOLLEKTIVDEKNING

Planområdet grenser til haldeplass for buss. Haldeplassane har god kollektivdekning med om lag 50 avganger i kvar retning på kvardagar og er i dag betent av linene 300 Mastrevik - Knarvik, 311 Lygra - Knarvik og 320 Manger - Bergen.

### 6.13 VATN OG AVLAUP

Det er offentlege anlegg for vatn og avlaup i området. Det er i oppstartsvarslinga ikkje komme merknadar knytt til dette temaet.

### 6.14 ENERGI

Det er nettstasjon i planområdet, og straumleidningar og kablar. BKK har meldt at auka utbygging truleg vil krevje at kapasiteten i straumnett og transformatoren må uvidast.

Side | 15

### 6.15 PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD

Planområdet ligg i skulekrinsen for Alversund. Kommunen har vedteke eit bustadbyggjeprogram for området for å sikre seg mot at kapasiteten ved denne og andre skular i kommunen ikkje vert sprengt. Dette programmet opnar for 30 nye bueiningar i året i Alversund. Alversund skule, som ligg 1,2km frå planområdet, har òg idrettsanlegg.

Det ligg to barnehagar på Alverflaten som begge er innom ein avstand på 500m frå planområdet. Innom 2-3km ligg fleire barnehagar på Hilland, Juvik og Knarvik.

Næraste daglegvarehandel ligg knapt 100m frå planområdet. andre sørvistilbod som bensinstasjon finst i Isdalstø, og i Knarvik finst kjøpesenter og andre tilbod.

### 6.16 RISIKO

Det er ikkje knytt risiko til ras- og skredfare i området. Området er heller ikkje utsett for flaum.

### 6.17 PRIVATRETTSLEGE BINDINGAR

Ingen kjente.

## 7 UTGREIING I HHT. FØRESKRIFT OM KONSEKVENsutGREIINGAR

Planforslaget er kjem ikkje inn under føresegna i føreskrift og konsekvensutgreiingar.



## 8 SKILDRING AV PLANFORSLAGET

### 8.1 INNLEIING


Planforslaget legg opp til bygging av 28 bustader fordelt på to bygg. Dei to bygga er plassert kring eit stort fellesområde som både vert solrikt og skjerma. Løysinga gjev eit bustadområde med gode kvalitetar for både etablerarar og eldre, men òg for familiar.

Side | 16

Alversund har i dag ein variert bustadstruktur; hovudtyngda er einebustadar og tomannsbustadar, men det er òg bygg med fleire leilegheiter i Alverhagen og Isdalsbakken og rekkehus i Brørakastet. Det bør vera attraktivt med variert bustadstruktur i området for å gi tilbod til ein brei del av innbyggjarane. Både førstegongs-etablerarar utan stor økonomisk kapital og godt vaksne som ønskjer seg eit lettare hushald er tenkelege kjøpargrupper.



10 - Plankartet



11 - Skisse av planlagt bustadprosjekt innanfor rammene i reguleringsplanen. (Ark. Børtveit & Carlsen as)

## 8.2 REGULERINGSFØREMÅL

Føremål		Totalt areal
<b>Busetnad og anlegg</b>		
Bustader - blokk	BB1	2,924 daa
Næring	N1	0,265 daa
Energianlegg	EA1	0,053 daa
Leikeplass	f_LP1	1.900 daa
		5,142 daa
<b>Samferdsel og teknisk infrastruktur</b>		
Køyreveg	o_KV1	1,422 daa
	KV2	0,035 daa
	o_KV3	0,120 daa
	f_KV4	0,108 daa
	KV5	0,071 daa
	f_KV6	0,166 daa
		1,922 daa
Fortau	o_FT1	0,032 daa
	o_FT2	0,052 daa
	o_FT3	0,107 daa
	o_FT4	0,198 daa
	o_FT5	0,094 daa
		0,483 daa
Gangveg/gangareal	o_GV1	0,080 daa
Anna veggrunn - grøntareal	o_AVG1	0,031 daa
	AVG2	0,193 daa
	f_AVG3	0,073 daa
	AVG4	0,062 daa
	AVG5	0,008 daa
		0,367 daa
Haldeplass	o_HP1	0,074 daa
		2,319 daa
<b>Grøntstruktur</b>		
Friområde	NAT1	1,076 daa

	NAT2	0,437 daa	
			1,512 daa
Landbruks-, natur- og friluftsområde			
Naturføremål av LNFR	LNA1	0,114 daa	
	LNA2	0,002 daa	
	LNA3	0,234 daa	
			0,350 daa
<b>Totalt</b>		<b>9,953 daa</b>	

### 8.3 BYGGEFØREMÅL

<b>Byggeføremål</b>	
Reguleringsføremål	Bustader - blokk
Areal	3197 m <sup>2</sup>
Tal på bustader	28
Byggehøgde	C +70,0, C +73,0 og C +75,0
BYA	60 %
Parkeringsplassar	42 (1,5 per bustad)

Planforslaget legg opp til at det kan byggast 28 einingar i to bygg innanfor planområdet. Dei to bygga er plassert kring eit fellesområde på 1,9 daa som både vert solrikt og skjerma. Løysinga gjev eit bustadområde med gode kvalitetar for ulike aldersgrupper.


For at nye bygg skal tilpassast naboar, landskap og topologi, er bustadføremålet delt i bestemmelsesområde som set grenser for byggehøgde.

Bestemmelsesområde	Storleik	Tal på einingar (i skissen)	Byggehøgde
#1	917 m <sup>2</sup>	11	C +75,0
#2	743 m <sup>2</sup>	9	C +73,0
#3	1263 m <sup>2</sup>	8	C +70,0

Langs Alvervegen nordaust på tomte er det lagt eit bygg med fire og fem etasjar. Nedste etasje er under bakkenivå og rommar garasjeanlegg. Det er lagt opp til 20 bustader i dette bygget. Disse er illustrert med åtte leiligheter i kvar. Felles parkeringsanlegg for alle bustadane kjem under dette bygget i bestemmelsesområde #2 og #3. Maksimale byggehøgder er lagt inn med grunnlag i dette prinsippet og brutto etasjehøgder 2,7m, samt noko overhøgde for takkonstruksjon.

Ettersom Alvervegen stig langs planområdet mot nord og vest, er det føreslått lågare maksimal høgde mot aust. Dette samsvarar med topografien i tomte og omgjevnadane. Dette har gitt rom for ein delvis nedgrave etasje for bodar, sykkelparkering, bossrom og tekniske rom mellom parkeringsgarasjen og 1. etasje i huset i bestemmelsesområde #1. Bygga er synt med felles trapperom og heis frå parkeringskjellar, og kan utformast etter prinsippa om universell utforming. Planen gir rom for variasjon i storleik og utforming av leiligheitene i det nordlege bygget. Dette bygget er òg sikra ein variasjon i byggehøgde, og saman med ein forskyvning i vegglivet, vil ein kunne bryte opp slik at ikkje bygget vert for massivt. Bygga får då eit grunnareal eller uttrykk med høgde og volum som ikkje er urimelig mykje større enn dei relativt store einestadane rundt området.

Langs Alvervegen mot søraust er det vist eit toetasjers hus i bestemmelsesområde #3, som ligg lågare i terrenget. Dette er skissa med åtte gjennomlyste leilegheitene med opphaldsrom mot vest/nordvest og inngang og kjøkken mot aust/søraust.



12 - Planområdet sett frå Alvervegen 14 i nordaust. (Ark. Børtveit & Carlsen as)

#### 8.4 UNIVERSELL UTFORMING

Uteoppfallsareal og leikeplassar skal vere universelt utforma. Minst 70 % av bustadane skal ha universell tilgjengelegheit, og parkeringskjellar skal vere universelt tilgjengeleg.


#### 8.5 LEIK/UTEOPPHALDSAREAL

Planforslaget legg opp til eit stort felles uteoppfallsareal med leikeområde midt i bustadområdet. Areal vil liggje sentralt og synleg frå alle bustadeiningar, og samstundes skjerma for anna innsyn. Areal er solrike og godt skjerma frå vind og støy.

Det er avsett 1900 m<sup>2</sup> felles leikeareal. Delt på antal bustader gjev dette 68m<sup>2</sup> leikeareal per eining. I tillegg kjem uteareal som ligg i føremålet BB1 som vil hengje saman med f\_LP1. Areal på taka i bestemmelsesområda #1 og #2 kan utformast som felles takterrasse. Desse areala er inntil 500m<sup>2</sup>. Saman med areal i BB1 på 920m<sup>2</sup>, er det tilgjengeleg 3320m<sup>2</sup> felles utearealer med dei skissane til bustadblokker som ligg føre no. Det er stilt krav i føresegnene om at det skal opparbeidast minst 30m<sup>2</sup> per eining til felles uteoppfallsareal utanom leikeareal f\_LP1.



13 - Skisse som synes totalt uteoppholdsareal i planen.



14 - Skisse av det solrike og skjerma felles uteopphalds- og leikeområde. (Ark. Børtveit & Carlsen as)


## 8.6 PARKERING/GARASJE(R)

Planforslaget legg opp til ein parkeringsdekning på 1,5 parkeringsplassar for bil per bustad. For dei 28 planlagde bustadane utgjer dette 42 parkeringsplassar, som i hovudsak vil liggje i parkeringsanlegg under BB1 i bestemmelsesområde # 2og #3. Det skal i parkeringsanlegget òg etablerast 28 plassar for sykkelparkering. Det vil i tillegg vere mogleg å ha nokre parkeringsplassar som overflate og gjesteparkering ved avkøyrsla.

## 8.7 TRAFIKKAREAL

Planforslaget har lagt tilkomst til bustadane i hjørnet nordvest på tomta. Dette opnar for at ein kan etablera felles tilkomst med Alvervegen 16. Saman med at tilkomsten til Alvervegen 10 vert fjerna, gjer dette at ein samlar tre avkøyrslar til éin felles.

Alvervegen er i dag jamt over 4-5m brei, og utan tilbod til mjuke trafikkantar. Planforslaget regulerer Alvervegen til 6,5m med einsidig fortau på 2,5m på vestsida. Planleggjar meiner at planforslaget i seg sjølv ikkje utløyser krav om utbetring av vegen, men er kjent med komande planar i området som vil utløyse eit slikt krav. Mellom anna Alverflaten industriområde. Mjuke trafikkantar vil sikrast trygg veg i planforslaget med gangvegen f\_GV1 som går til busshaldeplassen, og vidare er kopla til undergang under fylkesvegen og til fortau langs Alverflaten. Difor er det ikkje stilt rekkefølgjekrav til utbetring av Alvervegen i planforslaget. Breidden på eksisterande veg er over ein kort strekning mellom 3,5 og 4,0 meter, men jamt over 4-5m. Det er om lag 30 bustader og andre bygg som generer trafikk tilknytt vegen i dag. Saman med dei planlagde 28 nye einingane vil det da verte i underkant av 60 einingar knytt til vegen. Handbok 017 frå Statens vegvesen legg til grunn at tverrprofil med 3,5m breidde kan nyttast for inntil 50 einingar i blindveg eller 80 i sløyfe. Tverrprofil med 4,0m asfaltert breidde skal nyttast når det er fleire einingar knytt til vegen. Alvervegen er i dag ein tilkomstveg og bortsett frå strekninga på 25m med breidde mellom 4,0 og 3,5m er vegen meir enn 4m brei. Standarden på vegen er difor etter planleggars vurdering tilfredsstillande for den auka trafikken utbygginga inneberer.




15 - Teikninga syner plankartet i grått med eksisterande asfalterte vegbreidde med oransje strek og målsett.

## 8.8 STØYTILTAK

Det er utarbeidd eigen støyrapport for planområdet med prosjektet som førelagt ved første gongs innlevering. Denne syner at med 2 meter høg støyskjem er alle uteområda berekna å ha støynivå under under  $L_{den} = 55dB(A)$ . Dette er innanfor retningslinjene i T1442 Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging. Endringa i prosjektet med at bygg 1 vert tatt ut, vil ikkje ha avgjerande verknad på resultat og konklusjon i støyrapporten.

## 8.9 AVFALLSHANDTERING/MILJØSTASJON

Avfallshandtering vert syt for innandørs i parkeringsanlegg eller etasjen for bodar og sykklar. Det er ikkje stilt krav til anna enn tradisjonell løysing for handsaming av avfall. Det er tilstrekkeleg areal å snu for lastebil i den regulerte avkøyrsla dersom renovasjonskøyrety treng å nytta den som sнопlass.



16 - Teikninga synes at lastebilar kan snu i den regulerte avkøyrsla og gjesteparkering.

#### 8.10 RISIKO

Det er avdekt risiko knytt til handtering av overvatn når større delar av tomta får harde flater enn i dag. Dette må gjerast greie for i VA-rammeplan og søknad om rammeløyve slik at ein sikrar drenering og areal til fordrøyning i høve til krav.

Det er knytt risiko til Alverflaten og trafikktryggleik. Dette er ein kjent risiko, og i kommunen sin trafikksekringsplan er det mellom anna føreslått å kanalisere fleire kryss og å redusere hastigheita i Alvervegen for å få ned ulukkesstatistikken. Planforslaget i seg sjølve aukar ikkje risikoen, og det ligg difor utanfor planen å løyse trafikkfaren i Alverflaten.

## 9 KONSEKVENSAV PLANFORSLAGET

### 9.1 OVERORDNA PLANAR OG VEDTAK

Planforslaget er i samsvar med overordna planar og vedtak.

### 9.2 EKSISTERANDE REGULERINGSPLANAR


Planområdet har berre marginal grense mot eksisterande reguleringsplanar, og har difor ikkje konsekvensar for eksisterande reguleringsplanar.

### 9.3 UNIVERSELL UTFORMING

Bygningar og leikeplass skal vere universelt utforma, og tilkomst til leikeplass skal vere trinnfri.

### 9.4 KONSEKVENSAV FOR NABOER

Planområdet grenser mot offentlege vegar på tre sider. I nordvestleg retning ligg ei bustadtomt. Denne tomte vil oppleve å få bustader nærare enn i dag, men ikkje nærare enn 5,0 m frå eigedomsgrensa, og ikkje nærare enn 27m frå dagens bustad (Alvervegen 14) på denne tomte. Frå Alvervegen 16 vil nytt bygg på det nærmaste kommune kome 21m frå. Over offentlig veg mot nordaust ligg eit bustadhus med utsyn til planområdet. Prosjektet vil ikkje stele utsikt til sjø eller skugge for korkje denne eller andre bustader i området.



Bygningsvolum sett fra Alvervegen 23 (terrasse)

17 - Prosjektet sett frå terrasse i Alvervegen 23 (Ark. Børtveit & Carlsen as)



Bygningsvolum sett fra Alvervegen 16 (terrasse)

18 - Prosjektet sett frå terrasse i Alvervegen 16 (Ark. Børtveit & Carlsen as)



## 9.5 TRAFIKK- OG PARKERINGSTILHØVE

Planforslaget vil generere ein marginal auke køyretøy på Alvervegen. Dei 28 bustadane vil gje drøyt 100 bilturar til og frå bustadområder i døgeret. Parkering for bustadane er sytt føre på felles parkeringsplass og i parkeringsanlegg med 1,5 plassar per buening.

## 9.6 KULTURMINNE

Det er ikkje avdekt kulturminne i planområdet eller i nærleiken, og planforlaget har difor inkje konsekvensar for kulturminne.

Side | 24

## 9.7 FRILUFTSAKTIVITET, NATUROMRÅDE, BORN OG UNGE SINE INTERESSER I NÆRMILJØET

Det er ikkje funne interesse knyttet til friluft, natur eller born og unge i planområdet, og planforslaget har difor heller ikkje konsekvensar for desse temaa.

## 9.8 PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD

Teoretisk tal på busette vil vere 70 stk. basert på gjennomsnittlege tal på busette per hushald i Lindås kommune frå Statistisk sentralbyrå. Talet vil nok i liggje noko lågare for bustadane av di dei vil verte mindre enn gjennomsnittet for Lindås.

## 9.9 KONSEKVENSA FOR NÆRINGSINTERESSER

Ingen kjente.

## 9.10 JURIDISKE/ØKONOMISKE KONSEKVENSA FOR KOMMUNEN

Ingen kjente.

## 9.11 NATURMANGFALD

### Naturmangfaldslova og prioriterte artar

Det er eit nasjonalt mål at tap av biomangfald skal stoppast, og arealbruken skal støtte opp om dette målet (St.meld 26 (2006 - 2007)). Tiltaket er vurdert ut frå krava i kapittel II i Naturmangfaldslova, med særleg omsyn til prinsippa i følgjande heimlar:

§ 8: Kunnskapsgrunnlaget.

§ 9: Føre-var-prinsippet.

§ 10: Økosystemtilnærming og samla belastning.

§ 11: Tiltakshavar betaler.

§ 12: Miljøforsvarlege teknikkar.

Det er ikkje noko kjend biologisk mangfald i planområdet som har spesiell verdi. Arealet består av tilgrodde og opparbeidde hagar.

I planarbeidet har ein nytta viktige informasjonskjelder som naturbase, artskarta til artsdatbanken.no, nasjonal raudliste og lokale observasjonar av naturmangfald. Det er ikkje avdekka konflikhtar mellom arealbruksendringane og utvalde naturtypar og prioriterte artar i forslag til forskrift. Endringane er òg vurdert i forhold til naturmangfaldet generelt og registrert kjent lokal kunnskap.

### Risikomatriser og akseptkriteria for ROS-analysar som gjeld arealbruk

Vedteke av kommunestyret 14.4.2011

RISIKOMATRISE – arealbruk (LIV OG HELSE)						
N	S5	Yellow	Red	Red	Red	
Y	S4	Green	Yellow	Red	Red	
S	S3	Green	Yellow	Yellow	Red	
N	S2	Green	Green	Yellow	Red	
N	S1	Green	Green	Green	Yellow	
A						
S		K1	K2	K3	K4	
		KONSEKVENNS				

RISIKOMATRISE – arealbruk (MILJØ)						
N	S5	Yellow	Red	Red	Red	
Y	S4	Green	Yellow	Red	Red	
S	S3	Green	Yellow	Yellow	Red	
N	S2	Green	Green	Yellow	Red	
N	S1	Green	Green	Green	Yellow	
A						
S		K1	K2	K3	K4	
		KONSEKVENNS				

RISIKOMATRISE – arealbruk (ØKONOMI)						
N	S5	Yellow	Red	Red	Red	
Y	S4	Green	Yellow	Red	Red	
S	S3	Green	Yellow	Yellow	Red	
N	S2	Green	Green	Yellow	Red	
N	S1	Green	Green	Green	Yellow	
A						
S		K1	K2	K3	K4	
		KONSEKVENNS				

S1 – lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år
S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år
S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år
S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år
S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare
K1 – ubetydeleg	Ingen personskadar
K2 – mindre alvorleg	Få og små personskadar
K3 – betydeleg	Få, men alvorlege personskadar
K4 – alvorleg	1 død, og/eller 10 alvorleg skadde, og/eller 250 evakuerte
K5 – svært alvorleg	Meir enn 1 død, og/eller meir enn 10 alvorleg skadde, og/eller meir enn 250 evakuerte

S1 – lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år
S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år
S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år
S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år
S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare
K1 – ubetydeleg	Ingen miljøskadar eller ureining av omgjevnadene
K2 – mindre alvorleg	Mindre skadar på miljøet som vert utbetra etter kort tid
K3 – betydeleg	Middels alvorlege miljøskadar av stort omfang, eller; alvorlege miljøskadar av lite omfang
K4 – alvorleg	Store og alvorlege miljøskadar
K5 – svært alvorleg	Varig, alvorleg skade på miljøet

S1 – lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år
S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år
S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år
S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år
S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare
K1 – ubetydeleg	Skadar for inntil kr 30 000
K2 – mindre alvorleg	Skadar mellom kr 30 000 – 300 000
K3 – betydeleg	Skadar mellom kr 300 000 – 3 000 000
K4 – alvorleg	Skadar mellom kr 3 000 000 – 30 000 000
K5 – svært alvorleg	Skadar for meir enn kr 30 000 000

## Vurdering av risiko og sårbarheit

Naturbasert sårbarheit					
Nr	Ønska hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Liv og helse	Miljø	Mat. verdiar	
Ekstremvær <a href="http://www.met.no">www.met.no</a>					
1	Sterk vind	S2 x K2	S2 x K2	S2 x K3	Planområdet ligg ikkje særleg utsett for sterk vind, men det kan likevel førekome i området.
2	Store nedbørmengder	S2 x K2	S2 x K2	S2 x K3	Store nedbørmengder kan førekome, men vil i liten grad få konsekvensar i planområdet.
3	Store snømengder	S1 x K1	S1 x K1	S1 x K2	Store snømengder er sjeldan eit problem i området.
4	Anna				
Flaumfare <a href="http://www.nve.no">www.nve.no</a>					
5	Flaum i elvar / bekkar				Ikkje aktuelt.
6	Flaum i vassdrag/ innsjøar				Ikkje aktuelt.
7	Overvasshandtering	S3 x K1	S3 x K2	S3 x K2	Overvatn må handterast via naturlege vassveggar. Desse må dimensjonast for store nedbørmengder for å unngå ulempe på tilgrensande eigedomar.
8	Springflod / stormflod				Ikkje aktuelt.
9	Historisk flomnivå				Ikkje aktuelt.
10	Anna				
Skredfare <a href="http://www.skrednett.no">www.skrednett.no</a>					
11	Kvikkleireskred				Det er ikkje påvist kvikkleire i planområdet.
12	Lausmasseskred				Ikkje aktuelt
13	Is - og snøskred				Ikkje aktuelt
14	Steinras, steinsprang				Ikkje aktuelt
15	Historiske hendingar				Det er ikkje registrert skredhendingar innanfor planområdet.
16	Anna				
Byggegrunn <a href="http://www.ngu.no">www.ngu.no</a>					
17	Setningar				Ikkje aktuelt
18	Utglidingar				Ikkje aktuelt
19	Radon				Det er ikkje kjent at området er utsett for høge radonverdiar.
20	Anna				
Plante og dyreliv <a href="http://www.dirnat.no">www.dirnat.no</a>					
21	Planter				Ingen sårbare artar registrert i naturbase
22	Dyr				Ingen sårbare artar registrert i naturbase
23	Fuglar				Ingen sårbare artar registrert i naturbase
24	Anna				Ingen sårbare artar registrert i naturbase
Kulturområde <a href="http://www.kulturminnesok.no">www.kulturminnesok.no</a>					
25	Freda kulturminne				Ingen registrert eller påvist.
26	Sefrak-bygg				Ingen registrert eller påvist.

Side | 26

Verksemdbasert sårbarheit					
Nr	Ønska hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Menneske	Miljø	Økonomi	
Brann/eksplosjon					

27	Brannfare	S1 x K4	S1 x K2	S1 x K4	Tilkomst og sløkkjemoglegheiter må avklarast nærmare i rammesøknad.
28	Ekspløsjonsfare				Ingen kjent risiko.
29	Anna				
<b>Energitransport</b>					
30	Høgspenst	S1 x K2	S1 x K1	S1 x K1	Det går høgspenst gjennom området. Det er lagt sikringsone i planen.
31	Lågspenst				Ikkje aktuelt.
32	Gass				Ikkje aktuelt.
33	Anna				
<b>Forureina vatn</b>					
34	Drikkevasskjelde				Ingen kjent risiko.
35	Sjø, badevatn, fiskevatn, vassdrag og liknande.				Ingen kjent risiko.
36	Nedbørsfelt				Ikkje aktuelt.
37	Grunnvassnivå				Ikkje aktuelt.
38	Anna				
<b>Forureining - grunn</b>					
39	Kjemikalieutslepp				Ingen kjent risiko.
40	Anna				
<b>Forureining - luft</b>					
41	Støv/partiklar/røyk				Ingen kjent risiko.
42	Støy				Ingen kjent risiko.
43	Lukt				Ingen kjent risiko.
44	Anna				
<b>Friluftsliv og tilgjenge til sjø <a href="http://www.hordaland.no">http://www.hordaland.no</a></b>					
45	Fri ferdsel langs sjø				Ikkje aktuelt.
46	Friluftsliv				Ikkje aktuelt.
47	Anna				

Side | 27

<b>Sårbarheit knytt til infrastruktur</b>					
Nr	Uønska hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Menneske	Miljø	Økonomi	
<b>Trafikkfare <a href="http://www.vegvesen.no">http://www.vegvesen.no</a></b>					
48	Trafikkulykker på veg	S4 x K3	S4 x K2	S4 x K2	Alverflaten er ulukkesutsett. Krysset med Alvervegen må vurderast ved trafikkauke.
49	Anna				
<b>Forureining</b>					
50	Støv/partiklar	S4 x K2	S4 x K2	S4 x K1	Planområdet ligg nær veg med høg trafikkettleik.
51	Støy	S5 x K3	S5 x K1	S5 x K1	Planområdet er støyutsett, og det må gjerast støytakt for bustadar og uteareal.
52	Lukt				Ingen kjent risiko.
53	Utslepp/kjemikaliar				Ingen kjent risiko.
54	Anna				
<b>Ulukker på nærliggjande vegar/transportåre <a href="http://www.vegvesen.no">http://www.vegvesen.no</a></b>					
55	Veg				Sjå 50
56	Sjø				Ingen kjent risiko.
57	Luft				Ingen kjent risiko.
58	Anna				

## Risikomatriser - oppsummering

<b>Raud</b>	Medfører uakseptabel risiko. Her skal risikoreduserande tiltak gjennomførast, alternativt skal det utførast meir detaljerte ROS-analyser for å avkrefte risikonivået.
<b>Gul</b>	ALARP-sone, dvs. tiltak skal gjennomførast for å redusere risikoen så mykje som mogleg. (ALARP=As Low As Reasonable Practicable). Det vil vera naturleg å legge ei kost-nytteanalyse til grunn for vurderinga av ytterligare risikoreduserande tiltak.
<b>Grøn</b>	I utgangspunktet akseptabel risiko, men ytterligare risikoreduserande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut i frå økonomiske og praktiske vurderingar.

RISIKOMATRISJE - arealbruk (LIV OG HELSE)						RISIKOMATRISJE - arealbruk (MILJØ)						RISIKOMATRISJE - arealbruk (ØKONOMI)								
<b>SANNSYN</b>	S5		Trafikk 51			Trafikk 51					Trafikk 51									
	S4	Trafikk 50	Trafikk 48			Trafikk 48, 50					Trafikk 50	Trafikk 48								
	S3	Flaum 7				Flaum 7					Flaum 7									
	S2	Vær 1, 2				Vær 1, 2					Vær 1, 2									
	S1	Vær 3	Høgspenn 30		Brann 27	Vær 3, Høgsp. 30, brann 27					Høgspenn 30	Vær 3	Brann 27							
		K1	K2	K3	K4	K5	K1	K2	K3	K4	K5	K1	K2	K3	K4	K5				
		KONSEKVENNS							KONSEKVENNS							KONSEKVENNS				

### Oppsummering ROS-analyse:

#### Avdekkede risiko:

1. Det er knytt risiko til trafikk med uakseptabel risiko for liv og helse. Det må gjerast avbøtande tiltak og vurderingar i høve til dette.
2. Overvatn må gjerast greie for og handterast for å sikre akseptabel risiko.

#### Avbøtande tiltak:

1. Kapasiteten i krysset mellom Alverflaten og Alvervegen må vurderast, og mjuke trafikantar må sikrast gode løysingar.
2. Overvatn frå tette flatar i planområdet må fordroyast og sikrast god kapasitet for handtering i rammeplan for VA-anlegg.

## 10 MERKNADAR

### 10.1 SAMLA MERKNADAR

Nr	Avsendar	Dato
1	Statens vegvesen	Brev 09.08.2012, 22.01.2013, 22.04.2013
2	Fylkesmannen i Hordaland	Brev og e-post 15.08.2012, 29.01.2013, 12.04.2013
3	Hordaland fylkeskommune	Brev 03.10.2012, 30.01.2013, 14.05.2013
4	BKK NETT AS	Brev 26.04.2013

Side | 29

- Statens vegvesen (SV) i brev 09.08.2012, 22.01.2013, 22.04.2013
  - Ved utforming av trafikkløysingar må handbok 017 leggjast til grunn.
  - Området er svært utsett for støy frå fylkesvegen og det må innarbeidast bindande krav i planen om at støyforskrifta T-1442 skal fylgjast.
  - Byggegrensa mot fylkesvegen skal vere minimum 30 meter frå senterlina.

*Planleggjars kommentar:*

  - Handbok 017 er lagt til grunn for trafikkløysingar
  - Tatt til etterretning.
  - Byggegrensa mot fylkesvegen er ikkje sett nærare enn 30 meter frå senterlina.
- Fylkesmannen i Hordaland (FH) i brev og e-post 15.08.2012, 29.01.2013, 12.04.2013
  - FH legg til grunn at planarbeidet er i samsvar med overordna plan og ikkje i strid med nasjonale føringar.
  - FH påpeiker at interessa til born og unge, leikeareal, veg og parkering er viktig å greie ut.
  - Endra arealbruk skal vurderast i forhold til naturmangfaldet.
  - ROS-analysen må nytte akseptkriteria i TEK 10 og vurdere risiko i og utanfor planområdet.
  - FH tek atterhald om å kome med innspel når planen vert lagt ut på offentleg høyring.

*Planleggjars kommentar:*

  - Planen er i samsvar med overordna plan og ikkje i strid med nasjonale føringar.
  - Interessa er greidd ut i planskilddinga
  - Arealbruken er ikkje endra i høve til gjeldande kommunedelplan.
  - I ROS-analysen er akseptkriteria vedteke i Lindås kommune nytta.
  - Merknaden er tatt til etterretning.
- Hordaland fylkeskommune (HFK) i brev 03.10.2012, 30.01.2013, 14.05.2013
  - Det er viktig at planarbeidet følgjer regionale interesser.
  - I denne saka ber HFK om at det vert serleg vekt på terrengetilpassing, trafiksikring og gode uteområde for barn og unge.
  - Kulturminne skal gjerast greie for på eit tidleg stadium i planlegginga. HFK kan ikkje sjå at tiltaka kjem i konflikt med kjente automatisk freda eller nyare tids kulturminne på noverande tidspunkt.

*Planleggjars kommentar:*

  - Merknaden er tatt til etterretning.
  - Bygga og byggehøgder er tilpassa den lokale topografien i planområdet. Uteområda er lagt sentralt og godt synleg frå bustadane, og skjerma og sikra for biltrafikk og støy.
  - Merknaden er tatt til etterretning.
- BKK NETT AS (BKK) i brev 26.04.2013
  - BKK har nettstasjon, høgspenkablar og høgspenktlinjer i planområdet. Desse må takast omsyn til i planarbeidet. Dersom planen fører til endring av desse anlegga, må dette sikrast i planen.
  - Det kan normalt byggast inntil 1m frå kabelgrøftar. Leidningane har byggeforbodsone på 16m.

- Eksisterande straumfordelingsanlegg har truleg for låg kapasitet. Det må difor vurderast å regulere plass til ny nettstasjon i området. Nettstasjonen kan plasserast minimum 1m frå veg, og vil vere opp til 2,5m x 4m. Nettstasjon må stå minimum 5 frå bygg med brannbar flate.
- Spenningsnivå i leidningsnettet må ikkje påførast plankartet eller i planen. Høgspenningskablar i bakken skal ikkje teiknast inn i kartet.
- Det er viktig at behov for forsterkningar, endringar eller omleggingar av elektriske installasjonar vert tilkjennegjeve på eit tidleg tidspunkt.

*Planleggjars kommentar:*

- Merknadane er tatt til etterretning.

## 11 FORSLAGSSTILLER SIN AVSLUTTANDE KOMMENTAR

Planområdet med kvalitetane som er beskrive i planskildringa har gode kvalitetar som gjer at området ligg godt til rette for utbygging i høve til planforslaget og arkitekten sine skisser.

Planforslaget legg opp til fire bygg rundt eit stort felles uteopphalds- og leikeområde, som dannar eit felles, solrikt og skjerma uterom av høg kvalitet. Uterommet er tenkt å få ei parkmessig opparbeiding med grusgangar og planta områder, og med nærleikeplassar til små og større born. Uterommet gir rom for fellesskap mellom bebuarane, trygge leikeplassar og eit skjerma område for rekreasjon. Arealet vil henge saman med grøntareal rundt bustadane, og med naturområde mellom fylkesvegen og støyskjermen. Utforming av planen sikrar at bustadane får lys, luft og sol, og fasade mot eit ope, grønt areal. Bustadane får balkongar og private uteområde mot det felles uteoppholdsrommet. Opphaldsromma i leiligheitene vender mot uteområdet, som gir sørvestvendte rom og gode vilkår for dagslys og bukvalitet.

Planforslaget legg til rette for framtidig utviding av Alvervegen og etablering av fortau. Vidare regulerer planforslaget eksisterande nye tilkomstvegar til dei nye bustadane og tilgrensande. Det vert lagt opp til at dei fleste parkeringsplassane kjem i parkeringsanlegg, og sykkelparkering under tak.



## Kommentarer frå planleggar til vedtak i PMU med blått.

### Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

I medhald av plan - og bygningslova § 12 - 10, tilrår plan- og miljøutvalet å leggje reguleringsplan for Breimyra Gnr. 137 Bnr. 109, 144 m.fl. i Lindås kommune ut til offentlig ettersyn, på følgjande vilkår:

- Det er ikkje satt av nok uteopphaldsareal i forhold til kravet i kommuneplanen. Arealutnyttinga må grunngjevast i planskildringa og alternativ utnytting må vurderast.
  - o [OK, planføresegner § 3.1.6](#)
- Planområdet må utvidast i søraust slik at ein har full kontroll på at frisikten ikkje vert hindra av forstyrrande element i vegens tilgrensande areal.
  - o [OK, plankart](#)
- Det må gjerast greie for korleis dagens standard på til dømes samlevegen og krysset ned til fylkesveg 565 er tilfredsstillande sett i forhold til den auka trafikken som kjem på grunn av utbygginga reguleringsplanen legg til rette for.
  - o [OK, planskildring kap. 8.7, fig. 14](#)
- Føremålet O\_H1 må utvidast i retning NAT\_1 slik at leskuret kan setjast opp utanfor frisiktsona.
  - o [OK, plankart](#)
- Det må lagast føresegn som sikrar at minst 2,5 % av parkeringsplassane er tilpassa rørslehemma.
  - o [OK, planføresegner § 3.1.5](#)
- Sikring av murar/skjeringar må sikrast i føresegnene og det må setjast rekkjefølgjekrav om at sikringa skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for BB1.
  - o [OK, planføresegner § 2.4.3](#)
- Det må takast inn føresegner som fastsett kva næringsområdet skal nyttast til.
  - o [OK, planføresegner § 3.2.1](#)
- Blokk #1 og #2 skal delast opp i to bygningskroppar slik illustrasjonane viser. Dette må sikrast i føresegnene.
  - o [OK, planføresegner § 3.1.7](#)
- Universell utforming for tilkomst til parkeringskjellar og leikeplass samt offentlege fortau/gangareal bør omtalast i pkt. 8.4 i planskildringa. Dette bør og synleggjerast med skisser for å illustrere teksten.
  - o [OK, planskildring kap. 8.4](#)
- Det bør sikrast at ein bossbil kan snu inne på område ved BB1 der gjesteparkeringa skal etablerast. Alternativt må det visast korleis bossbil er tilstrekkeleg sikra.
  - o [OK, planskildring kap 8.9, fig. 15](#)
- Eigarform bør forankrast i føresegnene (jf. nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister, del 1).
  - o [OK, planføresegner § 1.3](#)

- Endre Friområde under pkt. §1.3 i føresegnene til Naturområde
  - o OK, § 1.2, pkt. 5
- Støttemurar samt rekkverk/gjerde ved høge skjeringar / murar bør visast på snitt og situasjonsplan.
  - o Støttemurar, rekkverk/gjerde, skjeringar/murar vert gjort greie for i byggesøknad.

#### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 22.01.2014**

Arnold Matre frå administrasjonen orienterte i saka.

#### **Framlegg frå Ap, Krf, H og SP:**

PMU avviser saka, og ber administrasjonen senda saka attende til tiltakshavar med dei merknadane som no ligg i rådmannen sitt framlegg til vedtak og fylgjande tillegg:

- Utreia tilstrekkeleg siktsone mellom byggjeområde og o\_KV1 i sving.
  - o Det finst ikkje formelle krav til sikt i svingar for vegar i denne dimensjoneringsklassen. Sikta i svingen er på det minste 35-40m.
- Ber om at det vert utarbeidd rekkefølgekrav for utbetring av kommunal veg og gangveg, ref. føresegner 4.1.1 og 4.2.1.
  - o OK, planføresegner § 2.3.2
- Presisering av variasjon på storleik av bueiningane.
  - o OK, planføresegner § 2.4.2

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
104/14	Plan- og miljøutvalet	PS	03.09.2014
	Eldrerådet	PS	
	Levekårsutvalet	PS	
004/15	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	02.02.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Julie Daling	14/1856

## Detaljreguleringsplan for Bruvoll camping gbnr 55/1 og 35 m.fl, 1.gongs handsaming

32T

13042\_Bruvoll camping\_140814\_650X520

FÅ\_resegner Bruvoll camping LindÅs kommune\_5

Planforslag\_Bruvoll camping\_4

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-10 vert fremlegg til reguleringsplan for Bruvoll camping gnr.55 bnr.35 mfl. dagsett 14.08.2014, lagt ut til offentlig ettersyn.

### Plan- og miljøutvalet - 104/14

#### **PM - behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **PM - vedtak:**

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-10 vert fremlegg til reguleringsplan for Bruvoll camping gnr.55 bnr.35 mfl. dagsett 14.08.2014, lagt ut til offentlig ettersyn.

#### **Saksopplysningar:**

##### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet.

## Bakgrunn

Plan- og miljøutvalet tek stilling til om planframlegget skal leggst ut til offentleg ettersyn.

Framlegg til reguleringsplan for Bruvoll camping er utarbeidd av Ard arealplan as på vegne av tiltakshavar Jostein Konglevoll. Lindås kommune mottok fyrste framlegg til reguleringsplan 23.11.2013. Etter mottakskontroll 01.04.2014 og vidare administrativ oppfølging av brannkrav og leikeplasskrav, vart revidert planframlegg levert 14.08.2014. Det reviderte planframlegget er no til handsaming.

Planområdet er på 60,6 daa og ligg i dag uregulert. Campingplassen var opphavelig attåtning på gardsbruket Bruvoll og har eksistert sidan 1980. Som attåtning har ein operert nokså fritt på eigedommen, utan at Lindås kommune har registrert søknader om byggeløyve eller innspel om endringar i samband med rulleringar av kommuneplanen. Campingplassen har soleis vorte utvida utanfor det som i kommuneplanen er avsett til næringsføremål. I samband med vidare tilrettelegging og opprusting av campingplassen vert det no utarbeidd reguleringsplan som også skal fange opp avviket i høve kommuneplanen. Det er etablering av to nye hytter som erstattar to opphavlege hytter av eldre standard som har utløyst kravet om reguleringsplan. Nye hytter vil ha høgare standard og innlagt vatn. For å møte eventuelle framtidige behov for utviding, har ein gjennom planarbeidet teke med noko meir areal enn det campingplassen har trong for idag.

Drifta av campingplassen føregår i dag uavhengig av gardsdrifta. Planområdet er delvis i samsvar med gjeldande kommuneplan. Næringsområdet som er sett av til fritids- og turistføremål har ikkje vore endra i kommuneplanssamanheng sidan 1999.

Det er tilsaman sett inn 23 punktfeste for campinghytter/ campingvogner i plankartet.

## Vurdering

### FORHOLD TIL OVERORDNA PLAN

Planforslaget er ikkje i samsvar med overordna kommuneplan. Området som vert nytta til campingplass er i dag større enn området som er avsett i gjeldande kommuneplan. I samband med vidare tilrettelegging og opprusting av campingplassen, vert det no utarbeidd reguleringsplan som skal utvide næringsområdet og fange opp avviket i høve kommuneplanen. Denne utvidinga vert av administrasjonen vurdert som akseptabel.

### INNKOMNE MERKNADER

Som det framgår av planskildringa har planfremjar etter dialog med Statens vegvesen (Svv) kome fram til at kravet på 50 m kan fråvikast for Bruvoll camping og at det kan setjast byggegrense på 30 m frå senterlinje av fylkesvegen. Planområdet er etter innspel frå SvV utvida til også å omfatte kryssområdet med fylkesvegen.

### LEIKEOMRÅDE

Det vert vist til rikspolitiske retningslinjer for barn og unge. På bakgrunn av desse skal det avsetjast areal til leik i byggeområde. Innanfor C03 er det i dag eit reiskapshus med ei innhegning for ulike dyr som borna kan besøkje og mate. Planfremjar har etter dialog med administrasjonen valgt å setje av eit areal som i dag vert brukt til leik med storleik 347 m<sup>2</sup>,

noko som vert vurdert som tilstrekkeleg leikeareal for ein campingplass.

## BYGG OG ANLEGG

Det er i planskildringa og føresegn 3.2.3 sagt at det kan setjast opp utleigehytter/ campingvogner til punktfeste i omr.C02-C04. Punktfesta er plassert 20m avstand, noko som vert vurdert som tilstrekkeleg. Storleik og mønehøgde er avgrensa gjennom føresegn 3.2.4 og 3.2.5.

## BRANNSIKKERHEIT



ROS påpeikar brannfare og eksplosjonsfare, noko som må følgjast opp for å redusere risikoen så mykje som mogeleg.

Administrasjonen har oppfordra planfremjar om å handsame brannfare meir grundig i planomtalen. Det er ikkje etter administrasjonen sitt syn tilstrekkeleg å vise til brannforskrifter og at bedrifta følgjer dette opp. Det er på norske campingplassar registrert ei generell utvikling der ansvaret har blitt pulverisert ved at campingplasseigarar har lete enkelte leigetakarar få stor handlefridom m.o.t. bygging. I mange tilfelle har branntryggleiken vorte skadelidande.

Føresegnene er no revidert slik at §3.2.6 t.o.m §3.2.13 presiserer ulike krav til brannsikring.

Brannkrav på campingplassar følger teknisk forskrift § 11-6. Dei preaksepterte ytelsane som er skildra i veilederen til teknisk forskrift ([www.dibk.no](http://www.dibk.no)) er ei viktig rettesnor for avstand mellom campingveiningane og brannsikringstiltak. Avstandskravet mellom låge byggverk på 8 m kan fråvikast ved branncellebegrensande bygningsdel. Det er viktig å merke seg at langtidsparkering av campingvogner med faste installasjonar som «spikartelt», plattingar og liknande med leigekontrakt på åremål eller meir enn ein månad, må skillast med avstand min 3m».

Planfremjar har gjennom føresegnene no sikra at avstanden mellom campingvogner vert min. 4m og at det ikkje er høve til å etablere spikartelt som kan spreie brann. Maks avstand til sløkkevatn er 75m er i samsvar med brannkrav i TV 003. Det vert også i føresegnene vist til retningslinene i Temaveiledning for Norsk brannvernforening (TV 003). Administrasjonen vurderer at omsynet til brannsikkerhet no er ivaretatt gjennom plan og føresegner datert 14.08.2014.



Bru / Vertikalnivå 3 - over bakken

### TEIKNFORKLARING

SOSI ver. 4.5

<p><b>AREALFØREMÅL</b> (PBL §12-5)</p> <p><b>BYGG OG ANLEGG</b> (PBL §12-5 nr.1)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; height: 10px; background-color: yellow; border: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> BF Bustader - frittliggende (1111)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; height: 10px; background-color: blue; border: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> C Campingplass (1173)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; height: 10px; background-color: green; border: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> LP Leikeplass (1610)</li> </ul> <p><b>SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR</b> (PBL §12-5 nr. 2)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; height: 10px; background-color: gray; border: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> KV Køyreveg (2011)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; height: 10px; background-color: pink; border: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> FT Fortau (2012)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; height: 10px; background-color: brown; border: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> AVG Anna veggrunn - grøntareal (2019)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; height: 10px; background-color: orange; border: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> KHP Kollektivhaldeplass (2073)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; height: 10px; background-color: gray; border: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> PP Parkeringsplassar (2082)</li> </ul> <p><b>GRØNTSTRUKTUR</b> (PBL §12-5 nr. 3)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; height: 10px; background-color: lightgreen; border: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> TV Turveg (3031)</li> </ul> <p><b>LANDBRUK-, NATUR- OG FRILUFTS-OMRÅDER</b> (PBL §12-5 nr. 5)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; height: 10px; background-color: lightgreen; border: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> LL Landbruk (5110)</li> </ul> <p><b>OMSYNSSONE</b> (PBL §12-6 JF §11-8)</p> <p><b>SIKRINGS-, STØY- OG FARESONER</b> (PBL §11-8a)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; height: 10px; border: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> F140 Frisiktsone (140)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; height: 10px; border: 1px dashed black; margin-right: 5px;"></span> F210 Raud støysone (210)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; height: 10px; border: 1px dotted black; margin-right: 5px;"></span> F220 Gul støysone (220)</li> </ul>	<p><b>JURIDISKE TEKSTER, LINE- OG PUNKTSYMBOL</b> (JF. REGULERINGSFØRESEGNER)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; border-bottom: 1px dashed black; margin-right: 5px;"></span> Plangrense (RpGrense)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; border-bottom: 1px dotted black; margin-right: 5px;"></span> Føremålsgrænse (RpFøremålGrense)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; border-bottom: 1px dashed black; margin-right: 5px;"></span> Støysgrænse (RpStøyGrense)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; border-bottom: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> Eigedomsgrense som skal opphevast (1204)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; border-bottom: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> Bygg og kulturminne som skal bevarast (1210)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; border-bottom: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> Byggegrense (1211)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; border-bottom: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> Planlagtbyggelse (1213)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; border-bottom: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> Bygg som inngår i planen (1214)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; border-bottom: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> Bygg som er forutsett fjerna (1215)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; border-bottom: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> Regulert senterlinje (1221)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; border-bottom: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> Frisiktlinje (1222) (Som illustrasjon utenfor plangrensen)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; border-bottom: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> Regulert kant køyrebane (1223)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; border-bottom: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> Regulert støyskjerm (1227)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; border-bottom: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> Regulert avkøyrse (1242)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; border-bottom: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> Brukar (1251)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; border-bottom: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> Bru (1252)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; border-bottom: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> Måle og avstandslinje (1259)</li> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; border-bottom: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> Punkt feste (1270)</li> </ul> <p><b>BASISKART</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li><span style="display: inline-block; width: 15px; border-bottom: 1px solid black; margin-right: 5px;"></span> Eigedomsgrense (4011)</li> </ul> <p>Geodetisk grunnlag: UTM32_Euref 89 Geodetiske høydegrunnlag: NN1954 Uttaksdato basiskart: 05.09.2013 (infoland.no) Kartmålestokk: 1:1000 @ 650X520 Ekvidistanse: 1m</p>
---	---

Reguleringsplan, detaljregulering for:

**LINDÅS KOMMUNE, gnr. 55, bnr. 1, 35 m. fl. BRUVOLL CAMPING. PlanID: 1263\_201308**

Sakshandsaming i følge plan- og bygningslova			
Saksgang	Dato	Plankart datert	Føresegner datert
Kunngjering oppstart	06.09.13		
Offentleg ettersyn, vedtak	dd.mm.åå	dd.mm.åå	dd.mm.åå
Offentleg ettersyn, fra - til	dd.mm.åå	dd.mm.åå	dd.mm.åå
2.gangs handsaming, vedtak	dd.mm.åå - dd.mm.åå	dd.mm.åå	dd.mm.åå
<b>Lindås kommunestyre, vedtak</b>	<b>dd.mm.åå</b>	<b>dd.mm.åå</b>	<b>dd.mm.åå</b>
Kunngjering vedtatt reguleringsplan	dd.mm.åå	dd.mm.åå	dd.mm.åå
Utarbeidd av:	Forslagsstiller:	Lindås kommune saksnummer	2013/2950
Ard arealplan as Domkirkegaten 3, 5017 Bergen	<b>Ard</b> arealplan	Bruvoll camping	Siste revisjonsdato plankart 14.08.2014

Det vert stadfesta at plankartet er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak:

Saksjonsleder

## LINDÅS KOMMUNE

Reguleringsplan: BRUVOLL CAMPING  
Arealplanid: 1263-201308:  
Saknr.:2013/2950  
Dato sist revidert: 14.08.14

Reguleringsføresegner for Bruvoll camping, gnr.  
55, bnr. 1,35 m. fl., Lindås kommune  
(pbl § 12-7)

### § 1 GENERELT

§ 1.1 Det regulerte området er vist på plankart i mål 1:1000, dagsett 14.08.14.

§ 1.2 Planområdet skal nyttast til følgjande føremål: campingplass med tilhøyrande infrastruktur.

### § 2 FELLESFØRESEGNER

#### § 2.1 Byggegrenser

- 2.1.1. Nye bygg skal plasserast innanfor byggegrensa. Tiltak som nemnt i Pbl § 29-4 b samt parkeringsplasser og støttemurar kan plasserast nærare nabogrensa enn regulerte byggegrenser. Frisiktssonar skal haldast fri for tiltak.
- 2.1.2 Tiltak kan ikkje etablerast nærare fylkesveg enn 30 meter frå senterline veg.

#### § 2.2 Dokumentasjon til byggemelding

- 2.2.1 Ved innsending av byggesøknad skal det leggjast ved naudsynte teikningar av plan, snitt og fasadar, profiler og situasjonsplan i hensiktsmessig målestokk der det vert gjort greie for avkjørslar, eksisterande og framtidig terreng, vegetasjon, forholdet til nabobygg, eventuelle murar, trappar, gjerder og uteoppfallsareal.
- 2.2.2 Utleiehytter skal byggast og plasserast på ein måte som gjer at radonverdiar i innemiljøet ikkje overskrider nedre tiltaksgrense på 100 Bq/m<sup>3</sup> luft. Ved innsending av byggesøknad skal dette dokumenterast og eventuelle tiltak gjerast greie for.

#### § 2.3 Rekkefølge

- 2.3.1 Det skal utarbeidast ein VA-rammeplan som gjer greie for vass- og avlaupshøve innanfor planområdet. Denne skal godkjennast av VA-etaten ved Lindås kommune før det vert gjeve byggeløve.
- 2.3.2 Støyskjerm langs fylkesveg FV 57 skal vere på plass ved etablering av nye campinghytter/vogner som vert ligg ande

innanfor støysona i C03. Støyskjerm skal vere på plass før bruksløyve til nye campinghytter/vogner vert gjeve.

### § 2.4 Krav til utforming

- 2.4.1 Ny utbygging skal tilpassast eksisterande terreng og vegetasjon, og fylgje Lindås kommune sine estetiske retningslinjer.
- 2.4.2 I områda skal det ikkje nyttast luftstrekke for t.d. straumforsyning.

### § 2.5 Universell utforming

- 2.5.1 Ved detaljplanlegging skal prinsippa om universell utforming leggjast til grunn. Universell utforming skal dokumenterast i situasjonsplan og i søknad om byggeløve.

### § 2.6 Automatisk freda kulturminne

- 2.6.1 Dersom det under anleggsarbeid vert oppdaga automatisk freda kulturminne, i form av til dømes helleristningar, flint, brent leire, keramikk, groper med trekull og/eller brent stein etc., skal arbeidet stoppast og Hordaland fylkeskommune skal underrettast, jf. Lov om kulturminne av 1978, §8,2. ledd.

### § 2.7 Utfyllande planar og dokumentasjon

- 2.7.1 Vassforsyning skal dimensjonerast for tilstrekkeleg vatn til brannsløkking.
- 2.7.2 Utleiehytter skal koplast til avlaupsnett dersom det vert innlagt vatn i hyttene.
- 2.7.3 Campingvogner skal ikkje ha innlagt vatn og avlaupsrør.

### § 3 Bygg og anlegg

(Pbl § 12-5 ledd nr 1 )

#### § 3.1 Bustader frittliggande

- 3.1.1 I området avsett til frittliggande busetnad er det tillat med tre einbustad.
- 3.1.2 Maksimal tomteutnytting for BF01 er BYA=25 %.
- 3.1.3 Bustader skal ha parkeringsdekning for minst to bilar.

#### § 3.2 Campingplass

- 3.2.1 I område avsett til campingplass er det tillat med etablering av faste oppstillingsplassar for campingvogner evt. etablering av utleiehytter, bubilar, telt, servicebygg/tilhøyrande anlegg og leikeareal.
- 3.2.2. Maksimal tomteutnytting for C01-C04 er vist i plankartet.
- 3.2.3. Plassering for utleiehytter/ campingvogner er vist med punkt feste.

- 3.2.4. Maksimum mønehøgde for tiltak er 4,5 meter. Det er ikkje tillat med meir enn ein etasje med hems (jf. definisjon av etasje i teknisk forskrift).
  - 3.2.5. Maksimal storleik på utleiehytter er 50 m<sup>2</sup>.
  - 3.2.6. Det skal leggjast vekt på brannførebyggjande tiltak i samband med drifta av campingplassen og plassering av installasjonar følj gjeldande pbl.
  - 3.2.7. Tilrettelagt grillplass skal ha sløkkeutstyr.
  - 3.2.8. Plassering av campingvogner skal vere i samsvar med retningslinene i TV 003 (Temaveiledning frå Norsk brannvernforening) med minste avstand på 4 m.
  - 3.2.9. Maks avstand til sløkkevatn er 75 m.
  - 3.2.10. Krav til røykvarslar gjeld både campingvogner og utleiehytter.
  - 3.2.11. Campingplassen skal ha informasjonsstavle som syner plassering av sløkkeutstyr, vannpost og rømningsvegar.
  - 3.2.12. Campingvogner skal stå på hjul og skal lett kunne trekkast ut i tilfelle brann.
  - 3.2.13. Det vert ikkje høve til å etablere spikartelt, tre eller buskar som kan spreie brann.
- § 3.3 Leikeplass**
- 3.3.1 Leikeareal f\_LP01 er felles leikeareal for planområdet.
- § 4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR**  
(Pbl § 12-5, ledd nr 2)
- § 4.1 Køyreveg**
- 4.1.1. Vegane o\_KV01 - KV15 er alle eksisterande vegar innanfor planområdet.
  - 4.1.2. o\_KV01 er offentleg veg - fylkesveg 57.
  - 4.1.3. o\_KV02 er offentleg veg Hundvinsvegen mot vest.
  - 4.1.4. o\_KV03 er offentleg veg Hundvinsvegen mot nord.
  - 4.1.5. f\_KV04 er felles veg frå o\_KV02 til campingplassen og bustadområdet ved hjelp av bru f\_KV05.
  - 4.1.6. f\_KV05 er felles bru over fylkesvegen.
  - 4.1.7. f\_KV06 er felles veg inn til campingområdet.
  - 4.1.8. KV07 er privat veg til områda i søraust innanfor C02.
  - 4.1.9. KV08 er privat veg til gnr/bnr 55/17.
  - 4.1.10. f\_KV09 er felles veg til gnr/bnr 20 og 24.
  - 4.1.11. KV10 er privat veg til del av C03 og C04.
  - 4.1.12. KV11 - 13 er private vegar til vestre del av C03.

- 4.1.13. KV14 er privat veg til driftsbygning og grillstad.
- 4.1.14. KV15 er privat veg til områda i søraust innanfor C02.
- 4.1.15. Renovasjonsbil og lastebilar skal ha snuplass ved enden av servicebygget.

**§ 4.2 Fortau**

- 4.2.1 Fortau o\_FT01 og 02 er knytt til eksisterande kollektivhaldeplass o\_KHP01 og 02.

**§ 4.3 Anna veggrunn - grøntareal**

- 4.3.1. o\_AVG01 - o\_AVG05 er eksisterande grøft og skjeringar for mellom anna overvatn og straum langs etter vegane i krysset med fylkesvegen.

**§ 4.4 Kollektivhaldeplass**

- 4.4.1 o\_KHP01 og 2 er eksisterande haldeplassar ved krysset med fylkesvegen.

**§ 4.5 Parkeringsplass**

- 4.5.1. Parkeringsplass o\_PP01 er eksisterande parkeringsplass etablert for henting/bringning/dagparkering ved pendling frå kollektivhaldeplassane ved fylkesvegen.
- 4.5.2. PP02 er eksisterande parkering for campingplassen.

**§ 5 GRØNSTRUKTUR**

(Pbl § 12-5 ledd nr. 3)

**§ 5.1 Turveg**

- 5.1.1 TV01 og TV02 er eksisterande turvegar innanfor LL01 og LL02.

**§ 6 LANDBRUK, NATUR OG FRILUFTSLIVS-OMRÅDER**

(PBL § 12-5 nr.5)

**§ 6.1 Landbruk**

- 6.1.1. Innanfor område avsett til landbruk LL01 - 02 skal det vere landbruk. Andre tiltak er ikkje tillat innanfor areala LL01 og LL02.

**§ 7 OMSYNSZONE**

(Pbl § 12-6 jf. § 11-8)

**§ 7.1 Faresoner**

- 7.1.1 I området med frisktssline og veg (frisiktssone) skal det ved avkøyrslar vere fri sikt i ei høgd av 0,5 m over tilgrensande veg sitt plan.
- 7.1.2 Frisiktssone er vist i plankartet som H140\_1 - H140\_15.



**§ 7.2 Støysone \_ Gul H 220**

7.2.1 I område C03 med støysone Gul H 220 skal det setjast opp ytterlegare støyskjerm langs fylkesveg FV 57 i samband med etablering av nye campinghytter.

**§ 7.3 Støysone \_ Raud H 210**

7.3.1 I område langs etter FV 57 med støysone Raud H 210 kan det ikkje etablerast nye bygg.

TEKNISKE TENESTER  
Rådmannen  
Lindås kommune

Framlegg

## Bruvoll camping

GNR/BNR 55/1,35 m.fl

LINDÅS KOMMUNE

Arealplanid.: 1263-201308

Saksnr.:2013/2950

Sist oppdatert: 14.08.14



Figur 1 Bruvoll camping, illustrasjon som syner fasade på nye hytter. Ill: H&H arkitektkontor.

## INNHALD

1	SAMANDRAG .....	4
2	NØKKELOPPLYSNINGAR .....	4
3	BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET .....	5
3.1	BAKGRUNN .....	5
3.2	INTENSJONEN MED PLANFORSLAGET .....	5
4	PLANPROSESSEN .....	5
4.1	VARSLING .....	5
4.2	MERKNADER I SAMBAND MED VARSLING .....	6
5	GJELDANDE PLANSTATUS .....	6
5.1	FYLKES(DEL)PLAN.....	6
5.2	KOMMUNEPLAN/KOMMUNDEDELPLAN .....	6
5.3	REGULERINGSPLANAR .....	8
5.4	EVENTUELLE TEMAPLANAR .....	8
5.5	RIKSPOLITISKE RETNINGSLINER .....	8
6	SKILDING AV PLANOMRÅDET .....	8
6.1	LOKALISERING.....	8
6.2	AVGRENSING .....	9
6.3	TILSTØYTANDE AREAL SITT BRUK/STATUS .....	9
6.4	EKSISTERANDE BUSETNAD .....	9
6.5	TOPOGRAFI/LANDSKAPSTREKK .....	10
6.6	SOLTILHØVE/KLIMA .....	11
6.7	VEGETASJON, DYRELIV OG ANDRE NATURILHØVE .....	12
6.8	GRØNE INTERESSER.....	13
6.9	GEOLOGISKE RESSURSAR .....	14
6.10	KULTURMINNE .....	14
6.11	VEG OG TRAFIKKILHØVE .....	15
6.12	STØY .....	16
6.13	OFFENTLEG KOMMUNIKASJON/ KOLLEKTIVDEKNING .....	16
6.14	VATN OG AVLAUP .....	16
6.15	ENERGI.....	17
6.16	PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD.....	17
6.17	PRIVATRETTSLEGE BINDINGAR.....	17
7	UTGREIING I HHT. FØRESKRIFT OM KONSEKVENUTGREIINGAR .....	17
8	SKILDING AV PLANFORSLAGET .....	18
8.1	INNLEIING.....	18
8.2	REGULERINGSFØREMÅL .....	19
8.3	BYGGEFØREMÅL.....	20
8.4	BUSETNAD OG ANLEGG .....	20
8.5	UNIVERSELL UTFORMING .....	20
8.6	LEIK/UTEOPPHALDSAREAL .....	20
8.7	PARKERING/GARASJE(R).....	20
8.8	TRAFIKKAREAL .....	20
8.9	STØYTILTAK .....	21
8.10	AVFALLSHANDTERING/MILJØSTASJON.....	21

8.11	RISIKO.....	21
8.12	ANNA.....	21
9	KONSEKVENSAV PLANFORSLAGET.....	21
9.1	OVERORDNA PLANAR OG VEDTAK.....	21
9.2	EKSISTERANDE REGULERINGSPANAR.....	22
9.3	ESTETIKK.....	22
9.4	UNIVERSELL UTFORMING.....	22
9.5	KONSEKVENSAV FOR NABOER.....	22
9.6	TRAFIKK- OG PARKERINGSTILHØVE.....	22
9.7	KULTURMINNE.....	22
9.8	FRILUFTSAKTIVITET, NATUROMRÅDE, BORN OG UNGE SINE INTERESSER I NÆRMILJØET.....	22
9.9	VURDERING AV TILTAK I HØVE TIL NATURMANGFALDSLOVA.....	22
9.10	PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD.....	22
9.11	KONSEKVENSAV FOR NÆRINGSINTERESSER.....	23
9.12	JURIDISKE/ØKONOMISKE KONSEKVENSAV FOR KOMMUNEN.....	25
9.13	INFRASTRUKTUR.....	23
9.14	ROS-ANALYSE.....	23
10	FRÅSEGN/MERKNADAR.....	25
10.1	SAMLA FRÅSEGN/MERKNADAR.....	25
11	FORSLAGSSTILLAR SIN AVSLUTTANDE KOMMENTAR.....	26

FIGURLISTE:

Figur 1	Bruvoll camping.....	1
Figur 2	Varselkart frå fyrste varsling.....	5
Figur 3	Utvida plangrense ved fylkesvegen - ny varsling.....	6
Figur 4	Utsnitt av gjeldande kommuneplan for Lindås frå 2011- 2023 med tittelfelt.....	7
Figur 5	Område som i gjeldande kommuneplan er avsett til campingplass. Ill: Ard arealplan as.....	7
Figur 6	Dei ulike tiltaka innanfor planområdet fordelt på fire område.....	8
Figur 7	Planområdet si plassering i Lindås kommune. Kjelde: Seeiendom.....	9
Figur 8	Hytter som ein ynskjer å rive/erstatte.....	9
Figur 9	Område der campingplassen er utvida mot søraust utan søknad.....	10
Figur 10	Grillhytte.....	10
Figur 11	Planområdet plassert i flyfoto. Kjelde: Norge i 3D.....	11
Figur 12	Utsnitt som viser klassifiseringa til NVE. Kjelde nve.no.....	11
Figur 13	Markslagsfordeling Kjelde: skog & landskap.....	12
Figur 14	Eksempel på vegetasjon innanfor planområdet.....	13
Figur 15	Eksempel på typisk vegetasjon - nr. 2.....	13
Figur 16	Nærområdet til campingplassen. Kjelde Naturbase og miløstatus.....	14
Figur 17	Uthus - torvhus nyare tids kulturminne frå ca. 1880.....	15
Figur 18	Automatisk freda kulturminne i nærleiken av planområdet. Kjelde: kulturminnesok.no.....	15
Figur 19	Vegsystemet i området. Tilkost vist med pil. Kjelde. Seeiendom.....	16
Figur 20	Statens vegvesen framskrivne tal for trafikkprognosar for år 2025.....	16
Figur 21	Plankartet.....	19

VEDLEGG:

- Vedlegg 1: plankart
- Vedlegg 2: planføresegner
- Vedlegg 3: varslingsdokument
- Vedlegg 4: uttale/merknadar
- Vedlegg 5: illustrasjonar/arkitektteikningar

## 1 SAMANDRAG

Bruvoll camping har eksistert som campingplass dei siste 30 år. I starten som ei tilleggsnæring til gardsdrifta på staden, sidan som sjølvstendig eining/bedrift.

Med åra er drifta utvida og nye tiltak har kome til. Etter kvart har det også vore trong for å ruste opp dei ulike anlegga. Det er andre ynskje til for eksempel sanitæranlegg i dag enn det var i starten for 30 år sidan. Kva turistane/kundane etterspør har også endra seg. I dag satsar ein på campingplassen også på å ha eit tilbod til lokale bedrifter i samband med gardsbesøk, teamsamlingar, øvingshelgar osv. Barnehagar t.d. nyttar mellom anna tilbodet om naturopplevingar med dyr.

Side | 4

For å vere attraktiv og følgje med i marknaden må ein heile tida halde ein viss standard og fornye seg.

I samband med denne prosessen har ein sett i gong med utskifting av eldre campinghytter til nye hytter med høgare standard med mellom anna innlagt vatn.

I overgangen frå tilleggsnæring til sjølvstendig bedrift har tilnærminga til korleis ein driftar næringa endra seg. Som attåttnæring for landbruk sto og står ein framleis friare til å etablere tiltak utan søknadsplikt.

I samband med framhald av endringa av drifta ynskjer Lindås kommune at det no skal gjennomførast ein planprosess der alle aktuelle tema for området vert tilstrekkeleg belyst.

Det er i denne samanheng det er utført eit planarbeid med utarbeiding av reguleringsplan for Bruvoll camping. Gjennom planarbeidet har ein også tatt med noko meir areal enn det campingplassen har trong for i dag for å vere i forkant for ein mogleg vidare utvikling av campingplassen.

Planområdet består hovudsakleg av arealet der det er etablert campingplass og LNFR-områda som var utmarksområder.

Som landbruksbasert næringsutvikling er føremåla i tråd med LNF-formåla:

- dei skal oppfylle kriteriet om «stadbunden næring» knytt til gardens ressursgrunnlag.
- tiltaket sitt omfang står i rimeleg forhold til gardens ressursgrunnlag.

I høve til reguleringsplanen er ikkje nye tiltak planlagt inn i området. Planen omfattar berre eksisterande etablert tiltak. Det er etablering av to nye hytter der desse erstattar to opphavlege hytter av eldre standard, som har utløyst kravet om reguleringsplan. I samband med at reguleringsarbeid er sett i gong er det naturleg å planlegge for framtida for å sleppe å gå i gang med ny reguleringsplan om det i framtida skal realiserast andre/nye tiltak i samband med drifta av campingplassen.

Det høyrer med til biletet at næringsområdet som er sett av til fritids - turistføremål ikkje har vore justert i kommuneplanssamanheng sidan 1999.

## 2 NØKKELOPPLYSNINGAR

Kommune	Lindås kommune
Gardsnamn (adresse i sentrum)	Bruvoll
Gardsnr./bruksnr.	55/1, 5, 20, 35
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommune(del)pl.)	Uregulert
Forslagstillar	Bruvoll camping v/ Jostein Konglevoll
Grunneigar (sentrale)	55/5 & 55/20 Vibeke & Jostein Konglevoll 55/1 Julie Bruvoll, 55/17 Terje & Eva Fyllingsnes, 55/24 Eirik Helland & Norunn K. Helland,
Plankonsulent	Ard arealplan as
Ny plans hovudføremål	Næring - campingplass
Planområdets størrelse i daa	60,6 daa
Tal på nye bustader/nytt næringsareal	11083 m <sup>2</sup>
Aktuelle problemstillingar (støy, byggehøgde o.l.)	VA, ras, kulturlandskap
Førelegg det varsel om motsegn (j/n)	N
Konsekvensutgreiingspliktig (j/n)	N
Kunngjering oppstart, dato	11.09.13
Fullstendig planforslag mottatt, dato	
Informasjonsmøte haldt (j/n)	N

### 3 BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

#### 3.1 BAKGRUNN

I samband med vidare tilrettelegging av campingplassen på Bruvoll camping er det kome inn eit plankrav frå Lindås kommune. Føremålet er å få fram all aktivitet innanfor planområdet i dag, og i plankartet legge til rette for mogleg utvikling av næringsaktiviteten på campingplassen. Planområdet har per i dag ingen reguleringsplan. Campingplassen var opphavleg attåtning for gardsbruket på Bruvoll. Bruvoll camping har eksistert som campingplass sidan 1980.

#### 3.2 INTENSJONEN MED PLANFORSLAGET

Intensjonen med planforslaget er å leggje til rette for ein arealbruk i tråd med kommuneplanen sine føringar.

### 4 PLANPROSESSEN


#### 4.1 VARSLING

Formell varsling vart gjennomført 11.09.13 med annonse i avisa Nordhordland med varslingsfrist sett til 23.10.13. I tillegg vart varslinga lagt ut på nettsida til Ard arealplan på same tid.


Naboar og grunneigarar, offentlege og private høyringsinstansar vart varsla 10.09.13 med varslingsfrist sett til 23.10.13.

Planområdet var ved varslinga avgrensa som vist i varslingskartet under. Området var på 52,9 daa.

I samband med varslinga kom inn uttale frå Statens vegvesen som ynskte at ein skulle utvide plangrensa noko til å omfatte frisktssona og delar av fylkesvegen. Dette medførte at ein ny nabo måtte varslast. Han fekk varslingsbrev tilsendt den 24.09.13. No er området på 60 daa.



Figur 2 Varselkart frå fyrste varsling.



Figur 3 Utvida plangrense ved fylkesvegen - ny varsling.

#### 4.2 MERKNADER I SAMBAND MED VARSLING

I samband med varsling kom det inn 4 merknadar/fråsegn. Alle frå ulike offentlege instansar. Desse dreidde seg i hovudsak om evt. ny nettstasjon, byggegrensar og tema ein ynskjer omtalt i planskildringa.

Oversikt over merknadar/fråsegn med våre svar finn ein under punkt 10.1.

### 5 GJELDANDE PLANSTATUS

#### 5.1 FYLKES(DEL)PLAN


I fylkesplanen for 2005 - 2008 står det at Hordaland skal ha best moglege rammevilkår for framvekst av næringsliv, som kompetanse, kapital og infrastruktur. Lokalsamfunna skal ha livskraftig næringsliv, basert på eigne føremoner og særtrekk, noko som vil gje grunnlag for gode arbeidsplassar.

- Fylkesplan for Hordaland 2010 - 2012 (midlertidig forlenga)
- Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland, 2001-2004
- Fylkesdelplan for kulturminne, 1999-2010
- Fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, 2008-2012
- Fylkesdelplan: Deltaking for alle - universell utforming, 2006-2009
- Klimaplan for Hordaland 2010-2020
- Forvaltningsplan for vassregion Hordland 2010 - 15

#### 5.2 KOMMUNEPLAN/KOMMUNDEDELPLAN


Planområdet er i delvis i samsvar med gjeldande kommuneplan. Gjeldande kommuneplan har ikkje fanga opp den utviklinga som har vore i det aktuelle området. Det er kommuneplanen frå 1999 som ligg til grunn for utforminga i dette området, og det er ikkje føreteke justeringar sidan då<sup>1</sup>.

<sup>1</sup> Opplyst i oppstartsmøte med Lindås kommune  
 Plannamn: Bruvoll camping  
 Lindås Kommune  
 Arealplanid.: 1263-201308  
 Saksnr.:2013/2950



Figur 4 Utsnitt av gjeldende kommuneplan for Lindås frå 2011- 2023 med tittelfelt.


Som ein kan sjå er området for bustader delvis utbygd, mens området avsett for fritids- og turistføremål er noko mindre enn det i realiteten er i dag. Resten er avsett til LNFR. Kartet i figur 5 syner gjeldende kommuneplan med dei aktuelle områda lagt over nytt planområdet. Det syner som vi har omtalt eit avvik mellom drifta i dag og område avsett til campingplass. Plangrensa er sett slik i varslingskartet då campingplassen skal skiljast ut frå hovudbruket i samband med reguleringa. Heile planområdet vil då vere knytt til campingplassen og vere utskilt frå bruk 1. Området som no vert ny næring er på ca. 11 daa.



Figur 5 Område som i gjeldende kommuneplan er avsett til campingplass. III: Ard arealplan as.

Det er anlagt gardsveg og oppstillingsplassar for campingvogner i LNFR i utmarksområda mellom område for fritids - og turistføremål og område for bustader. Sjå figur 6 - bokstav D.





- A: Tre hytter bygd saman, opphavleg søkt som 3, sett saman som to einskildhytter. Sett saman for å utnytte plassen betre.
- B: Påbygg «Storstove» er søkt om og godkjent.
- C: Gamme er ok. Nytt redskapshus er ferdigstilt og godkjent. Eldre torvhus ligg innanfor området «dyrehagen».
- D: Vegsystem for etablering av tilkomst til campingvogner er ikkje

Figur 6 Dei ulike tiltaka innanfor planområdet fordelt på fire område.

### 5.3 REGULERINGSPLEANAR

Planområdet er uregulert. Det er ikkje pågåande reguleringsarbeid i eller nær planområdet.

### 5.4 EVENTUELLE TEMAPLEANAR

- Hovudplan for vatn
- Hovudplan for avløp
- Plan for idrett, nærmiljø og friluftsliv
- Kommunedelplan trafikksikring 2010-2022
- Kommunedelplan for klima og energi 2010-2020
- Vassområde Nordhordland - pågåande
- Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Lindås. 2004


### 5.5 RIKSPOLITISKE RETNINGSLINER

- Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming

## 6 SKILDRING AV PLANOMRÅDET

### 6.1 LOKALISERING

Planområdet er lokalisert på Bruvoll i området Hundvin.



Figur 7 Planområdet si plassering i Lindås kommune. Kjelde: Seeiendom.

## 6.2 AVGRENSING

Planområdet er av avgrensa av fylkesveg 57 i nord og vest, og elles av LNF områder i nordaust, aust og sør.

## 6.3 TILSTØYTANDE AREAL SITT BRUK/STATUS

Tilstøytande areal har status som landbruksområder.

## 6.4 EKSISTERANDE BUSETNAD/TILTAK

Innanfor planområdet er det tre bustadhus, ni utleigehytter, eit utleigehus, ei bu/kiosk, eit sanitærhus, grillpaviljong, gamle, bubilutleige og TV-stove med fellesrom. I tillegg har campingplassen oppstillingsplass for private campingvogner. Sjå også figur 8, 13 og 14.



Figur 8 Hytter som ein ynskjer å rive/erstatte.



**Figur 9** Område der campingplassen er utvida mot søraust utan søknad.

Figur 8 syner dei omsøkte hyttene ein ynskjer å erstatte med meir tidsriktige hytter.  
Figur 9 syner område der campingplassen har utvikla seg i søraustleg retning.



**Figur 10** Grillhytte.


## 6.5 TOPOGRAFI/LANDSKAPSTREKK

Topografien er særst prega av Bergensbogane og åsrygger, dalsøkk og fjordar/pollar følgjer bergstrukturen i nordvest-søraustleg retning.

Planområdet ligg sørvestvendt. I aust stig landskapet opp mot Grimstadjellet. I sørvest går landskapet til Lurefjorden. Planområdet ligg i eit småvåg- og smalsundlandskap. Som ein kan sjå av flyfotoet i figur 10 ligg planområdet i eit daldrag. Grimstadjellet er 250 meter høgt, mens Bruvoll ligg på + 50. Høgda bak Bruvoll - Klumpen/Mulen - stig til kote 125 moh. Planområdet ligg ved store myrområde, ved enden av Hundvensvatnet. Områda rundt er stort sett nytta til landbruk.



Figur 11 Planområdet plassert i flyfoto. Kjelde: Norge i 3D.



Figur 12 Utsnitt som viser klassifiseringa til NVE. Kjelde nve.no.

Kartutsnitt frå basen til NVE som viser at det i utløysingsområde og utløpsområde frå fjellet - men at dette ikkje kjem i kontakt med campingområdet. Det meste av utløpsområdet går i retning frå campingplassen.

## 6.6 SOLTILHØVE/KLIMA

Lindås har eit havpåverka (oseanisk ) klima med milde vintrar og kjølige somrar. Denne delen av landet har mange nedbørsdagar og høg luftfuktigheit - særleg om hausten. <sup>2</sup>Planområdet har svært gode soltilhøve. Landskapet er vendt mot sør og vest, og har sol heile dagen.

<sup>2</sup> Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Lindås. 2004.  
 Plannamn: Bruvoll camping  
 Lindås Kommune  
 Arealplanid.: 1263-201308  
 Saksnr.:2013/2950

## 6.7 VEGETASJON, DYRELIV OG ANDRE NATURTILHØVE

Vegetasjonen innanfor planområdet er typiske for denne delen av kommunen. Lindås kommune ligg på Lindåshalvøya i Nordhordland og grensar mot Osterfjorden i aust, kommunane Bergen, Osterøy og Vaksdal i sør og aust og Modalen i aust. Mot nord ligg Lindås mot Fensfjorden og kommunane Masfjorden og Gulen. I nord og vest ligg kommunen Austrheim, Radøy og Meland. Med så stor utstrekning vil naturen variere med ulike landskapsformar og naturmiljø. Mellom åsrygger og fjell finn ein smale frodige dalar og djupe fjordar. I det skiftande landskapet kan ein finne den nordlegaste viltveksande bøkeskogen ved Seimfjorden.<sup>3</sup> Bøkeskogen ligg ca. 7 km i luftline frå Hundvin i sørleg retning.

Side | 12

Innanfor planområdet finn ein og store myrområder. Sjøå figur 12. Elles har basen miljøstatus og skog&landskap klassifisert området som Bruvoll camping ligg i, til eit skogområde. Skogområda er ei blanding av eldre og yngre skog. Sjøå utsnitt på neste side. Utsnittet under her er frå basen til skog&landskap og syner markslagsfordeling i området. Det rosa området i skogområdet er området som er nytta til oppstilling av campingvagnar. I basen er det berre markert som utbygd.



Figur 13 Markslagsfordeling Kjelde: skog & landskap.

Det er under utarbeiding eit større registreringsarbeid om vassdraga i Lindås kommune/Hordaland fylke. For vår del syner analysen (som vert lagt fram i 2014) at Hundvinsvatn står i risiko, dvs. at her er dårlig tilstand/vasskvalitet og problem med oppblomstring av blågrønalgar.

<sup>3</sup> Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Lindås. 2004  
Plannamn: Bruvoll camping  
Lindås Kommune  
Arealplanid.: 1263-201308  
Saksnr.:2013/2950



Figur 14 Eksempel på vegetasjon innanfor planområdet.



Kjelde: miljøstatus.  
Syner at skogen som er vist med grønt område er av yngre dato, mens den som er vist med gult er av eldre type.



Figur 15 Eksempel på typisk vegetasjon - nr. 2.

Som ein kan sjå finn mellom anna vanlege treslag som bjørk, selje, gran, furu og brake.


Undervegetasjonen er prega av geirrams, ulike lyngtypar i spedd forvilla hagevekstar.

## 6.8 GRØNE INTERESSER

Den nære lokaliseringa til store LNF-område og friluftsområde som Grimstadjellet, Hundvinsvatn m.m gjer at dette området er attraktivt for ulike fritidsaktivitet. I samband med campingdrifta er dei gode og store friområda ei viktig ressurs. Området har nærleik til ferskvatn og sjø.

Søndre del av planområdet med strandsonen ligg innanfor det regionale friluftsområde Bruvoll- Storavatnet-Tveitavatnet som er registrert som «svært viktig».

Som landbruksareal er området klassifisert som utmark. I figur 12 som syner dei ulike arealkategoriene som området er klassifisert til er det skog og myr som er mest framtreande.



Figur 16 Nærområdet til campingplassen. Kjelde Naturbase og miljøstatus.

1. Myrområde
2. Ferskvatn
3. Naturtype - rik edellauvskog.
4. Skogområde
5. Landbruksområde

A. SEFRAK registreringar  
B. Bygdeborg

Ved ytterlegare søk i basen miljøstatus.no får ein opp at Hundvinsvatnet er klassifisert som å ha dårleg vasskvalitet.

## 6.9 GEOLOGISKE RESSURSAR

Den vestlege delen av Lindås som planområdet ligg i , er del av den store Bergensbogen. I Bergensbogane er det mest næringsfattige gneisar og omdanna djupbergartar. Dette er ei blanding av sure og basiske bergartar. Ein finn også kalkrike soner og kleberstein.<sup>4</sup>

## 6.10 KULTURMINNE

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor planområdet ved søk 13.09.13. Det er gjort funn ikkje så langt frå planområdet - ved Nordre Mølen. Her finn ein eit forsvarsanlegg frå jernalder. <sup>5</sup>

I tillegg kan ein sjå ei rekke funn frå jernalder ved Hundven kyrkjestad av typen gravminne.

Av nyare tids kulturminne finn ein eit eldre bygg som ser ut til å ha vore nytta som eit torvhus frå ca. 1880. I dag er det inngjerda og er ein del av det autentiske opplevingsmiljøet som er knytt til drifta av kurs- og konferansesenteret innanfor campingplassen. Uthuset er halden i hevd ved at det er murt opp igjen og det er

<sup>4</sup> Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Lindås. 2004

<sup>5</sup> Kjelde: kulturminnesøk.no  
Plannamn: Bruvoll camping  
Lindås Kommune  
Arealplanid.: 1263-201308  
Saksnr.:2013/2950

bygd nye sperr/tak på gamal måte som eit grindabygg utan spiker. Er i dag drift som eit uthus der geitene kan gå inn når dei kjenner for det sumarsdagen.

Eller er det ikkje treff av SEFRAK- registrerte bygg i eller nær planområdet. Ei rekkje bygg er registrert i området Hundvin. Området er synt i figur 15 - bokstav A. Elles er det kjend ei bygdeborg aust for planområdet. Sjølve planområdet er ikkje vurdert til å ha stort potensiale for funn av ukjente kulturminne. Sjå og figur 17.

**Figur 17 Uthus - torvhus nyare tids kulturminne frå ca. 1880.**



Side | 15




**Figur 18 Automatisk freda kulturminne i nærleiken av planområdet. Kjelde: kulturminnesok.no.**

## 6.11 VEG OG TRAFIKKTILHØVE

Fylkesveg 57 - Lindåsvegen, har ein ÅDT på 4000 bilar.




Ved etablering av fylkesvegen i si tid vart det etablert ny tilkomst til campinglassen. Det var etablert bru over fylkesvegen med tilkomst frå Hundvindsvegen.



Figur 19 Vegsystemet i området. Tilkomst vist med pil. Kjelde. Seeiendom.

## 6.12 STØY

Det er registrert støy nær fylkesvegen. Delar av etablert utbygging ligg i framtidig gul sone.



Figur 20 Statens vegvesen framskrivne tal for trafikkprognoser for år 2025.

## 6.13 OFFENTLEG KOMMUNIKASJON/ KOLLEKTIVDEKNING

Det går buss forbi planområdet 14 gongar i døgeret på kvardagar. Buss frå busstasjon i Bergen sentrum tek ca. 1,5 time.

## 6.14 VATN OG AVLAUP

Det er private VA-løysingar i området.  
Det er kommunal vassleidning i området.

## 6.15 ENERGI

Kva type energi som skal nyttast til oppvarming vert eit høve tatt i byggesakshandsaminga.

## 6.16 PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD

Næraste matvarebutikk ligg ca. 600 meter frå planområdet på Konglevoll. Elles er dei fleste tenester plassert i kommunesentret på Lindås som ligg ca. 10 km mot nord eller i Knarvik ca. 35 km mot sør.

Side | 17

## 6.17 PRIVATRETTSLEGE BINDINGAR

Ingen kjente.

## 7 UTGREIING I HHT. FØRESKRIFT OM KONSEKVENSGREIINGAR

Føremålet med ein konsekvensutgreiing er å sikre at det vert lagt vekt på omsynet til miljø og samfunn i planarbeidet. Konsekvensutgreiinga skal nyttast som verktøy når det skal avgjerast om, og etter kva slags krav, planar eller handlingar denne skal gjennomførast.

Det er opp til forslagstiller sjølv å vurdere om planforslaget kjem inn under føreskriftens verkeområde.

Planområde Bruvoll camping er avsett i kommuneplanen som fritids - og turistføremål og LNF. Planområdet ligg i eit allereie utbygd område med ei etablert campingplass. Campingdrift har vore ein del av gardsdrifta frå starten av for 30 år sidan.

Detaljreguleringar som inneberer endringar av kommuneplan eller områderegulering omfattas av KU-forskriften berre dersom planane utløysar kriteria i § 4.

Vidare utvikling innanfor planområdet vil ikkje råke truga dyre- eller planteartar, eller føre til vesentlege endringar i samfunnet, og det er difor **ikkje naudsynt med ei konsekvensutgreiing**.

Sjå under for vurderinga og konklusjon.

KRITERIE § 4	VURDERING
a) Er lokalisert i eller kjem i konflikt med område med særleg verdfulle landskap, naturmiljø, kulturminne eller kulturmiljø som er verna eller freda, foreløpig verna eller freda eller foreslått verna eller freda, eller plassar det er eller er stor sannsyn for å finna automatisk freda kulturminne som er del av eit kulturmiljø med stor djubde i tid.	<b>Ikkje naudsynt med konsekvensutgreiing.</b> Tiltaket skal ta omsyn til naturlandskap og dei eksisterande kulturminna. punkt 6.10.
b) Er lokalisert i eller kjem i konflikt med viktige inngrepsfrie naturområder eller utgjør en trussel mot trua naturtypar, trua arter eller deira leveområder, mot prioriterte arter eller deira funksjonsområde, mot utvalte naturtypar, eller mot andre områder som er særleg viktige for naturens mangfald,	<b>Ikkje naudsynt med konsekvensutgreiing.</b> Liten verknad for konflikt med viktige naturområde eller arter. Sjå punkt 6.7.
c) Er lokalisert i større naturområde som er særleg viktige for utøving av friluftsliv, her under markaområde, eller i viktige vassdragsnære områder som ikkje er sett av til utbyggingsføremål eller i overordna grønne strukturer og viktige friområde i byar og tettsteder, og der planen eller tiltaket kjem i konflikt med friluftslivsinteresser,	<b>Ikkje naudsynt med konsekvensutgreiing.</b> Sjå punkt 6.5, 6.7, 6.8 og 6.10.
d) Kjem i konflikt med gjeldande rikspolitiske føresegner eller rikspolitiske retningsliner gitt i medhald plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77 eller statlige planretningsliner, statlige planføresegner eller regionale planføresegner gitt i medhald av lov 27. juni 2008 nr. 71,	<b>Ikkje naudsynt med konsekvensutgreiing.</b> Planarbeidet kjem ikkje i konflikt med føresegner eller retningsliner.
e) Kjem i konflikt med utøving av samiske utmarksnæringar, eller er lokalisert i reindriftas særverdiområde eller minimumsbeiter og kan komme i konflikt med reindriftsinteresser, eller på annan måte kan komme i konflikt med reindriftas arealbehov.	<b>Ikkje relevant</b>
f) Omfattar større omdisponering av landbruks-, natur- og friluftslivsområder eller område som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemd.	<b>Ikkje relevant</b> Størstedelen av planområdet er regulert til fritids - og turistføremål. Området for LNF har fått nokre mindre gardsvegar og oppstillingsplassar for


	campingvogn. Inngrepa og utplassering er i utmarksområde.
g) Gjer vesentlig auke i talet på personer som utsettast for høg belastning av luftforureining, støy eller lukt, eller kan føre til vesentlig forureining til jord, vann eller sedimenter, eller kan føre til vesentlig auke av utslipp av klimagassar, eller kan føre til vesentleg stråling.	<b>Ikkje relevant</b>
h) Medfører risiko for alvorlige ulykker, ras, skred og flom.	<b>Ikkje relevant</b>
i) Kan få konsekvensar for befolkningas helse eller helsas fordeling i befolkninga,	<b>Ikkje relevant</b>
k) Kan få vesentlege miljøverknadar i ein annan stat.	<b>Ikkje relevant</b>

**Konklusjon:** Planforslaget får så små inngripande følgjer i arealbruk og terrenggrep (gjenoppretting) innanfor planområdet at det ikkje er nødvendig med KU.

## 8 SKILDRING AV PLANFORSLAGET

### 8.1 INNLEIING

Innanfor planområdet har det vore campingplass dei siste 30 år. Frå tidlegare å vere attåtning for eit gardsbruk er campingplassen i dag utskilt som eigen eining. Drifta av campingplassen føregår i dag uavhengig av gardsdrifta. Arealet som vert knytt til campingplassen vert skilt ut frå bruk 1.



Figur 21 Plankartet.

## 8.2 REGULERINGSFØREMÅL

Føremål		Totalt areal
Bygg og anlegg		
Bustader - frittliggende	BF01	5,100
Campingplass	C01-4	26,060
Leikeplass	LP01	0,347
Samferdsel og teknisk infrastruktur		31,58 daa
Køyeveg	o_KV01-KV15	5,764
Fortau	o_FT01 og 2	0,547
Anna veggrunn - grøntareal	o_AVG01-5	2,539
Kollektivhaldeplass	o_KHP01 og 2	0,399
Parkeringsplassar	o_PP01 og PP02	0,850
Grønt struktur		10,02 daa
Turveg	TV01og 2	1,19 daa
Landbruk-, natur- og friluftsliv		

Landbruk	LL01-6	17,86 daa
Omsynssoner		
Frisiktssone 140		
Totalt		60,657 ≈60,7daa

### 8.3 BYGGEFØREMÅL


Byggeføremål	
Reguleringsføremål	Campingplass
Areal	26,48
Tal på bygg	2 stk
Byggehøgde	4,5 m
Parkeringsplassar	10 stk på PP02 6 stk på o_PP01

Side | 20

### 8.4 BUSETNAD OG ANLEGG

Det ligg tre bustadhus innanfor BF01. Desse vert ikkje endra gjennom planen.

Området består av ulike bygg knytt til campingplassen. Innanfor dei fire områda regulert for campingplass er det innanfor område C04 ein ynskjer etablering av to nye campinghytter etter at dei eksisterande er fjerna. Innanfor C02-C04 er det avmerka punkt feste der det kan setjast opp campingvogn eller utleigecampinghytte knytt til drifta av campingplassen. Det er sett inn totalt 19 punkt feste i planen. Det vert høve til å etablere hytter knytt til punkt festa med ein meters slingringsmonn.



Figur 22 Illustrasjon av dei planlagde hyttene. Illustrasjon: H&H arkitektkontor.

Ytterlegare illustrasjonar og detaljar for desse hyttene ligg ved.

Det er markert støyskjerm i plankartet langs delar av fylkesvegen. Det er allereie etablert støyskjerm nokre stader mot fylkesvegen.

### 8.5 UNIVERSELL UTFORMING

Prinsippa om universell utforming ligg til grunn for planarbeidet og dei etableringar ein ser for seg. Turvegane TV01 og 2 er eksisterande stiar etablert med stigning som gjer at ein kan nytte rullestol/mindre scooter utan problem.

### 8.6 LEIK/UTEOPPHALDSAREAL

Det er sett av eige areal for leik f\_LP01 ved KV14 i området C03. Arealet er på 0,347 daa. Plasseringa gjer at det er lett for dei vaksne å fylgje med på borna sin leik på leikeplassen. I tillegg leikar ungane innanfor heile campingplassområdet med dei tilboda som nærområdet elles tilbyr. Tidlegare gjekk det ei lita bekk/elv her. Denne er no lagt i rør.

### 8.7 PARKERING/GARASJE(R)

Parkering for campingplassen vert innanfor eksisterande PP02 og elles ved dei einskilde campingvogner/hytter. o\_PP01 er eksisterande parkeringsplass knytt til kollektivhaldeplassane.

### 8.8 TRAFIKKAREAL

*Køyreveg*

Tilkomstvegen til planområdet innbyr ikkje til høg fart. Det ligg tre bustadhus og ei campingplass som nyttar vegen i dag. Det er ikkje krav til eige fortau langs denne vegen ut frå farten/ÅDT på denne.

Det er lagt inn fortau frå kollektivhaldeplass ved Lindåsvegen til parkeringsplassen. Langs Lindåsvegen mot sør er det ikkje aktuelt med fortau. Langs Lindåsvegen vert Hundvinsvegen nytta mot nord av mjuke trafikantar. Vegane o\_KV01 - KV15 er alle eksisterande vegar innanfor planområdet. Ingen nye vegar vert etablert. o\_KV01 er offentleg veg - fylkesveg 57. o\_KV02 er offentleg veg Hundvinsvegen mot vest. o\_KV03 er offentleg veg Hundvinsvegen mot nord.

f\_KV04 er felles veg frå o\_KV02 og opp til campingplassen og bustadområdet. f\_KV05 er felles bru over fylkesvegen (eigartilhøva er ikkje endeleg avklåra her). f\_KV06 er felles veg inn i til campingområdet. KV08 er privat veg til gnr/bnr 55/17 innanfor BF01. f\_KV09 er felles veg til gnr/bnr 20 og 24 i BF. KV07 og KV10 -15 er private interne vegar innanfor campingplassen og knytt til drifta av denne. KV07 har fått snuhammar ved servicebygget som kan nyttast av d.t bossbil.

Frisiktssonar er vist i plankartet som H140\_1 - H140\_15.

#### *Fortau*

o\_FT01 og 2 er knytt til eksisterande kollektivhaldeplass o\_KHP01 og 2. Desse er igjen knytt til eksisterande parkeringsplass o\_PP01.

#### *Anna veggrunn*

Anna veggrunn - grøntareal o\_AVG01 - 5 er eksisterande grøfter og skjeringar langs etter vegane i krysset med fylkesvegen.

#### *Kollektivhaldeplass*

o\_KHP01 og 2 er eksisterande haldeplassar ved krysset med fylkesvegen.

#### *Parkeringsplassar*

o\_PP01 er eksisterande parkeringsplass etablert for henting/bringing/dagparkering ved pendling frå kollektivhaldeplassane ved fylkesvegen.

PP02 er eksisterande parkeringsplass for campingplassen.

#### *Turvegar*

Turveg TV01 går langs etter plangrensa i den austre delen av planområdet. Turvegen endar i sti som går opp til bygdeborg. Turveg TV02 går ned til vatnet og til kajakkar som er knytt til drifta av campingplassen.

## 8.9 STØYTILTAK

Det er knytt vegtrafikkstøy til fylkesvegen<sup>6</sup>. I plankartet er det lagt inn støyskjerm langs etter fylkesvegen knytt til området etablert for campinghytter. Det er etablert støyskjerm nokre stadar langs etter fylkesvegen i område C03. Ytterlegare støyskjerm skal etablerast ved eventuell utbygging innanfor den delen av C03 der støyskjerm er vist i kartet.

## 8.10 AVFALLSHANDTERING/MILJØSTASJON

Avfall vert handtert som i dag.

## 8.11 RISIKO

Det er ikkje knytt spesiell risiko til området.

## 8.12 ANNA

Ikkje noko kjent.

# 9 KONSEKVENSAV PLANFORSLAGET

## 9.1 OVERORDNA PLANAR OG VEDTAK

Planforslaget er ikkje i samsvar med kommuneplanen. Sjå figur 5 og 6. Som ein kan sjå her er området som vert nytta til campingplass større enn området som er avsett i gjeldande kommuneplan. Endeleg godkjent plan vil rette på dette ved at næringsområdet vert utvida.

<sup>6</sup> Statens vegvesen- sjå figur 20.  
Plannamn: Bruvoll camping  
Lindås Kommune  
Arealplanid.: 1263-201308  
Saksnr.:2013/2950

## 9.2 EKSISTERANDE REGULERINGSPLANAR

Det er ingen reguleringsplanar i eller nær området.

## 9.3 ESTETIKK

Ny utbygging skal harmonere med eksisterande utbygging og følgje estetiske retningslinjer for Lindås kommune.

## 9.4 UNIVERSELL UTFORMING

Prinsippet om universell utforming skal leggest til grunn for tiltaka sine inne- og utemiljø. Universell utforming skal dokumenterast i situasjonsplan og i søknad om byggeløyve.

## 9.5 KONSEKVENSAAR FOR NABOER

Planforslaget vil ikkje få konsekvensar for naboar. Området for campingplassen ligg skjerna frå bustadhus.

## 9.6 TRAFIKK- OG PARKERINGSTILHØVE

Det vert ingen endringar for vegnettet i eller nær planområdet ved realisert plan. Haldeplassen er regulert etter handbok 017 og stettar kravet til universell utforming.

Vegtilkomsten til planområdet vart lagt om ved etablering av ny veg til Mongstad i si tid. Det er bru over vegen til campingplassen.

Kven som eig brua har ein ikkje fått fullstendig klarhet i. Statens vegvesen meiner det skal føreligge ei grunnavtale for brua og at det er grunneigar som eig brua. Ingen av partane - statens vegvesen, kommunen eller grunneigar har til no funne ei slik avtale.

## 9.7 KULTURMINNE

Det er eit kulturminne av nyare dato innanfor planområdet. Det er eit gammalt torvhus som har vore i bruk til det føremålet i tidlegare tider. I dag ligg bygget innanfor gjerdet til uteområdet til dyra på «bondegarden» - visningscenteret for besøkande på campingplassen. Bygget er ivaretatt og vil halde fram som i dag og vert nytta som eit uthus der geitene kan gå inn om dei kjenner for det sumarsdagen.

## 9.8 FRILUFTSAKTIVITET, NATUROMRÅDE, BORN OG UNGE SINE INTERESSER I NÆRMILJØET

Søndre del av planområdet med strandsonen ligg innanfor det regionale friluftsområde Bruvoll- Storavatnet-Tveitavatnet som er registrert som «svært viktig». Planframlegget vil ikkje føre til endring i forhold til det å kunne nytte seg av friluftsområda/naturområda i eller nær planområdet. Born og unge sine interesser får ikkje endra status.

## 9.9 VURDERING AV TILTAK I HØVE TIL NATURMANGFALDSLOVA

Det er eit nasjonalt mål at tap av biomangfald skal stoppast, og arealbruken skal støtte opp om dette målet (St.meld 26 (2006 - 2007)). Tiltaket er vurdert ut frå krava i kapittel II i Naturmangfaldslova, med særleg omsyn til prinsippa i følgjande heimlar:

§ 8 : Kunnskapsgrunnlaget.

§ 9 : Føre-var-prinsippet.

§ 10: Økosystemtilnærming og samla belastning.

§ 11: Tiltakshavar betaler.

§12: Miljøforsvarlege teknikkar.

I planarbeidet har ein nytta viktige informasjonskjelder som naturbase, artskarta til artsdatabanken.no, nasjonal raudliste og lokale observasjonar av naturmangfald i samband med synfaring. Det er ikkje avdekkja konflikta mellom arealbruksendringane og utvalde naturtypar og prioriterte artar i forslag til forskrift. Endringane er òg vurdert i forhold til naturmangfaldet generelt og registrert kjent lokal kunnskap.

Området som vert regulert er i store trekk opphavleg utmark som er nytta til oppstillingsplass for campingvogner i tillegg til eit område for ulike utandørsaktivitetar.

Landbruksfaglig - sett i høve til redusert landbruksareal - får ikkje landbruksareal effekt av planen. Det er ikkje kultivert areal som vert teken vekk som landbruksareal. Planen endrar ikkje tilhøva til landbruksareal. Arealet er hovudsakleg utmark og vil halde fram som det.

## 9.10 PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD

Planframlegget medfører ingen endring for privat - og offentleg servicetilbod.

## 9.11 KONSEKVENSAAR FOR NÆRINGSINTERESSER

Planframlegget medfører ingen endring for andre næringsinteresser. For grunneigar betyr det at dei kan gje eit betre tilbod til gjestar.

## 9.12 INFRASTRUKTUR

Hundvinsvatn har dårleg tilstand/vasskvalitet og problem med oppblomstring av blågrønalgar. Viktige tiltak for vatnet vert å minske avrenning til vatnet frå spreidde avlaup og landbruk. For grunneigar vil eit minireinseanlegg for avlaup løyse og hindre ytterlegare bidrag til vatnet.

Side | 23

Det ligg i dag kommunal vassleidning fram til brua ved Hundvinsvatnet. Der går vassleidninga gjennom myrområdet som endar i servicebygget på campingplassen. Her er det vassmålar. Leidningar er 2" stor, noko som gjer at den skal halde til mange einingar og har god kapasitet. Den gongen den vart etablert var tanken nettopp at det skulle vere rikeleg kapasitet og at alle hus i området skulle ha moglegheit til å kjøpa seg inn på vassledinga. I dag er det berre campingplassen som nyttar vassleidninga.


Når det gjelde avlaup ligg det tre sandfiltergrøfter for anlegget. Berre campingplassen og eit bustadhus er knytt til denne og den har god kapasitet.

Ein vil etablere ytterleg nødvendig infrastruktur med avlaupsløysingar i høve til kommunale og statlege forskrifter om det er trong for det. Evt. trong vert avgjort gjennom VA-rammeplan.

## 9.13 ROS-ANALYSE

Lindås kommune vedtok metode og akseptkriterier i 2011. Desse er 5 delt og ligg til grunn her.

Risikomatriser og akseptkriterier for ROS-analysar som gjeld arealbruk  
Vedteke av kommunestyret 14.4.2011



Sannsynlegheit	Mindre enn ei hending per 1000 år	Mindre enn ei hending per 200 – 1000 år	Mindre enn ei hending per 20 – 200 år	Ei hending per 2 – 20 år	Ei hending per 2 år eller oftare
S1 – lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år	S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år	S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år
S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år	S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år	S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år
S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år	S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år	S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare
S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år	S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare	K1 – ubetydeleg	Ingen personskadar
S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare	K1 – ubetydeleg	Ingen personskadar	K2 – mindre alvorleg	Få og små personskadar
K1 – ubetydeleg	Ingen personskadar	K2 – mindre alvorleg	Få og små personskadar	K3 – betydeleg	Få, men alvorlege personskadar
K2 – mindre alvorleg	Få og små personskadar	K3 – betydeleg	Få, men alvorlege personskadar	K4 – alvorleg	1 død, og/eller 10 alvorleg skadde, og/eller 250 evakuerte
K3 – betydeleg	Få, men alvorlege personskadar	K4 – alvorleg	1 død, og/eller 10 alvorleg skadde, og/eller 250 evakuerte	K5 – svært alvorleg	Meir enn 1 død, og/eller meir enn 10 alvorleg skadde, og/eller meir enn 250 evakuerte
K4 – alvorleg	1 død, og/eller 10 alvorleg skadde, og/eller 250 evakuerte	K5 – svært alvorleg	Meir enn 1 død, og/eller meir enn 10 alvorleg skadde, og/eller meir enn 250 evakuerte	K1 – ubetydeleg	Ingen miljøskadar eller ureining av omgjevnadene
K5 – svært alvorleg	Meir enn 1 død, og/eller meir enn 10 alvorleg skadde, og/eller meir enn 250 evakuerte	K1 – ubetydeleg	Ingen miljøskadar eller ureining av omgjevnadene	K2 – mindre alvorleg	Mindre skadar på miljøet som vert utbtra etter kort tid
K1 – ubetydeleg	Ingen miljøskadar eller ureining av omgjevnadene	K2 – mindre alvorleg	Mindre skadar på miljøet som vert utbtra etter kort tid	K3 – betydeleg	Middels alvorlege miljøskadar av stort omfang eller; alvorlege miljøskadar av lite omfang
K2 – mindre alvorleg	Mindre skadar på miljøet som vert utbtra etter kort tid	K3 – betydeleg	Middels alvorlege miljøskadar av stort omfang eller; alvorlege miljøskadar av lite omfang	K4 – alvorleg	Store og alvorlege miljøskadar
K3 – betydeleg	Middels alvorlege miljøskadar av stort omfang eller; alvorlege miljøskadar av lite omfang	K4 – alvorleg	Store og alvorlege miljøskadar	K5 – svært alvorleg	Værig, alvorleg skade på miljøet
K4 – alvorleg	Store og alvorlege miljøskadar	K5 – svært alvorleg	Værig, alvorleg skade på miljøet	S1 – lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år
K5 – svært alvorleg	Værig, alvorleg skade på miljøet	S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år	S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år
S1 – lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år	S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år	S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år
S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år	S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år	S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare
S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år	S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare	K1 – ubetydeleg	Skadar for inntil kr 30 000
S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år	K1 – ubetydeleg	Skadar for inntil kr 30 000	K2 – mindre alvorleg	Skadar mellom kr 30 000 – 300 000
S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare	K2 – mindre alvorleg	Skadar mellom kr 30 000 – 300 000	K3 – betydeleg	Skadar mellom kr 300 000 – 3 000 000
K1 – ubetydeleg	Skadar for inntil kr 30 000	K3 – betydeleg	Skadar mellom kr 300 000 – 3 000 000	K4 – alvorleg	Skadar mellom kr 3 000 000 – 30 000 000
K2 – mindre alvorleg	Skadar mellom kr 30 000 – 300 000	K4 – alvorleg	Skadar mellom kr 3 000 000 – 30 000 000	K5 – svært alvorleg	Skadar for meir enn kr 30 000 000
K3 – betydeleg	Skadar mellom kr 300 000 – 3 000 000	K5 – svært alvorleg	Skadar for meir enn kr 30 000 000		
K4 – alvorleg	Skadar mellom kr 3 000 000 – 30 000 000				
K5 – svært alvorleg	Skadar for meir enn kr 30 000 000				

## VURDERING AV RISIKO OG SÅRBARHEIT:

Naturbasert sårbarheit					
Nr	Ønskt hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Liv og helse	Miljø	Økonomi	
Ekstremvær <a href="http://www.met.no">www.met.no</a>					
1	Sterk vind	S2 x K2	S2 x K2	S3 x K3	Vind vert ikkje sett på som ein risiko for området. Sterk vind kan førekomme, men slik området ligg til, vil det ikkje vert utsatt for vindpåkjenning utover det ein kan forvente.
2	Store nedbørmengder	S2 x K2	S2 x K2	S2 x K2	Store nedbørmengder kan førekomme, men vert ikkje sett på som ein spesiell stor risiko for planområdet. Det er bratt terreng i området ved planområdet si yttergrense i nordaust.
3	Store snømengder	S1 x K2	S1 x K2	S1 x K2	Store snømengder sjeldan eit problem i området.
4	Anna				
Flaumfare <a href="http://www.nve.no">www.nve.no</a>					
5	Flom i elver / bekker				Ikkje aktuelt.
6	Flom i vassdrag/ innsjøar				Ikkje aktuelt.
7	Overvasshandtering		S3 x K2	S3 x K2	Overvatn handterast via naturlege vassvegar.
8	Springflod / stormflod				Ikkje aktuelt.



9	Historisk flomnivå					Ikke aktuelt.
10	Anna					
Skredfare <a href="http://www.skrednett.no">www.skrednett.no</a>						
11	Kvikkleireskred					Det er ikke påvist kvikkleire i planområdet.
12	Lausmasseskred					Ikke aktuelt
13	Is - og snøskred					Planområdet ligger utanfor utløpsområdet for snøskred .
14	Steinras, steinsprang					Planområdet ligger utanfor utløpsområdet for steinras/steinsprang
15	Historiske hendinger					
16	Anna					
Byggegrunn <a href="http://www.ngu.no">www.ngu.no</a>						
17	Setninger					Ikke aktuelt
18	Utglidningar					Ikke aktuelt
19	Radon					Det er ikke kjent at området er utsett for høye radonverdier.
20	Anna					
Plante og dyreliv <a href="http://www.dirnat.no">www.dirnat.no</a>						
21	Planter					Ingen sårbare arter registrert i naturbase
22	Dyr					Ingen sårbare arter registrert i naturbase
23	Fuglar					Ingen sårbare arter registrert i naturbase
24	Anna					Ingen sårbare arter registrert i naturbase
Verksemndsbasert sårbarheit						
Brann/eksplosjon						
25	Brannfare	S3 x K2	S3 x K2	S3 x K3		Planområdet ligg 17,2 kilometer unna brannstasjon på Ikenberget. Drifta av campingplassen må alltid ta omsyn til tilstrekkeleg avstand mellom vogner osv. i hht. gjeldande forskrifter Denne må vere på minst 4m. Nærleik til skogområde vil og kunne føre til større spreining av evt. laus ild.
26	Eksplisjonsfare	S3 x K2	S3 x K2	S3 x K3		Campingvogner nyttar propan til ulike tenester i tillegg til straum. Her må avstandskrav fylgjast.
27	Anna					
Energitransport						
28	Høgspenning					Høgspenningsanlegg ligg i nærleiken av fylkesvegen. Det vert ikkje endring for desse.
29	Lågspenning					Ikke aktuelt.
30	Gass					Sjå nr. 26
31	Anna					
Forureina vatn						
32	Drikkevasskjelde					Ingen kjent risiko.
33	Sjø, badevatn, fiskevatn, vassdrag og liknande.	S1 x K1	S1 x K1	S1 x K1		Det er oppblomstring av algar i Hundvinsvatnet. Reinseanlegg for avlaup vil hinder meir tilfang her.
34	Nedbørsfelt					Ikke aktuelt.
35	Grunnvassnivå					Ikke aktuelt.
36	Anna					
Forureina - grunn <a href="http://www.sft.no">http://www.sft.no</a>						
37	Kjemikalieutslepp					Ingen kjent risiko.
38	Anna					
Forureina - luft						
39	Støv/partikler/røyk					ingen kjent risiko.
40	Støy	S2 x K1				Støy frå Fylkesvegen er eit problem. Ytterlegare støyskjerming sikrast i planføresegnene.
41	Lukt					Ingen kjent risiko.
42	Anna					
Friluftsliv og tilgjengelegheit til sjø <a href="http://www.hordaland.no">http://www.hordaland.no</a>						
43	Fri ferdsel langs sjø					Ikke aktuelt.
44	Friluftsliv					Det er høve til å gå gjennom planområdet for å gå turstien opp til terrenget ved mellom anna Mulen.
45	Anna					
Sårbarheit knytt til infrastruktur						
Trafikkfare <a href="http://www.vegvesen.no">http://www.vegvesen.no</a>						
46	Trafikkulykker på veg					Planforslaget inneberer ikkje meir trafikk i eller til vegane i området.
47	Anna					
Forureining						
48	Støv/partiklar					Ingen kjent risiko.
49	Støy					Ingen kjent risiko.
50	Lukt					Ingen kjent risiko.
51	Utslepp/kjemikalier					Ingen kjent risiko.
52	Anna					
Ulykker på nærliggande veger/transportåre <a href="http://www.vegvesen.no">http://www.vegvesen.no</a>						
53	Veg					Se under punkt 46.
54	Sjø					Ingen kjent risiko.
55	Luft					Ingen kjent risiko.
56	Anna					

## Risikomatriser - oppsummering

<b>Raud</b>	Medfører uakseptabel risiko. Her skal risikoreducerende tiltak gjennomførast, alternativt skal det utførast meir detaljerte ROS-analyser for å avkrefte risikonivået.
<b>Gul</b>	ALARP-sone, dvs. tiltak skal gjennomførast for å redusere risikoen så mykje som mogleg. (ALARP=As Low As Reasonable Practicable). Det vil vera naturleg å legge ei kost-nytteanalyse til grunn for vurderinga av ytterligere risikoreducerende tiltak.
<b>Grøn</b>	I utgangspunktet akseptabel risiko, men ytterligere risikoreducerende tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut i frå økonomiske og praktiske vurderingar.

RISIKOMATRISJE - arealbruk (LIV OG HELSE)						
SANNSYNLEG	S5					
	S4					
	S3		25, 26			
	S2		1,2			
	S1	33, 40	3			
		K1	K2	K3	K4	K5
		KONSEKVENS				

RISIKOMATRISJE - arealbruk (MILJØ)						
SANNSYNLEG	S5					
	S4					
	S3		7, 25, 26			
	S2		1,2			
	S1	33	3			
		K1	K2	K3	K4	K5
		KONSEKVENS				

RISIKOMATRISJE - arealbruk (ØKONOMI)						
SANNSYNLEG	S5					
	S4					
	S3		1,2, 25, 26			
	S2					
	S1	33	3			
		K1	K2	K3	K4	K5
		KONSEKVENS				

### Avdekka risiko:

- ROS-analysen syner at det er knytt risiko til sterk vind og stor nedbør anten som regn eller snø. Det er i det bratte terrenget bak/utanfor planområdet i aust dette kan vere ein aktuell problemstilling. Utfallsområdet vil neppe nå til campingplassen.
- Brannsikkerheit må campingplassar ha fokus på som bedrift. Brannforskrift og anna kontroll skal fylgjast opp. For at dette skal vere verksamt må det: - vere tilstrekkeleg avstand mellom campingvogner. Det vert ikkje høve til å etablere spikartelt eller tre/buskar som kan vere med å spreie brann. Avstand til sløkkevatn er sett til 75 m. Det er tilstrekkeleg sløkkevatn i området. Føresegnene frå 3.2.6 t.o.m 3.2.13 omhandlar ulike føresegner knytt til brannsikkerheit.
- Vasskvalitet i høve punkt 33 vonar ein å gjere noko med ved å nytte nødvendig reinsing. Truleg er det meste av algeoppbløminga knytt til landsbruk i nærområdet.

## 9.14 JURIDISKE/ØKONOMISKE KONSEKVENSAR FOR KOMMUNEN

Planframlegget medfører ingen juridiske eller økonomiske konsekvensar for kommunen.

## 10 FRÅSEGN/MERKNADAR

### 10.1 SAMLA FRÅSEGN/MERKNADAR

Nr	Avsendar	Dato
	Offentlege instansar - statleg	
1.	Statens vegvesen	Brev 19.09.13
2.	Hordaland Fylkeskommune - Regionalavdelinga	Brev 23.10.13
3.	Fylkesmannen i Hordaland	e-post 24.09.13
4.	BKK Nett AS	Brev 21.10.13
	Kommunale etatar	
	Ingen	
	Private	
	Ingen	

#### 1. Statens vegvesen i brev av 19.09.13:

SVV ynskjer at også kryssområdet med fylkesvegen vert omfatta av planområdet slik at det vert mogleg å vurdere trafikksikringstiltak i kryssområdet. Planområdet har tilkomst frå undergang. Byggegrenser langs fylkesveg setjast til 50 meter.

Planleggars svar:

Planområdet vert utvida som ynskt. Tilkomst er frå bru over fylkesvegen. Byggegrenser på 50 meter vil føre til at det ikkje kan drivast campingplass her lenger. Etter dialog med SVV har ein vorte samd om å setje denne til 30 meter. Ein har prøvd å finne ut kven som eig brua og dermed har vedlikehalde på den utan hell.

**2. Hordaland Fylkeskommune - Regionalavdelinga i brev av 23.10.13:**

Fylkeskommunen ynskjer at ein skal leggje særleg vekt på desse tema: areal & transport, arkitektur og estetikk, landskap m.m.

Søndre del av planområdet ligg innanfor det regionale friluftsområde Bruvoll-Storavatnet-Tveitavatnet som er registrert som særskilt viktig. Ein må sikre grønstruktur og ålmenn ferdsel og tilgjenge, og nye tiltak må ta omsyn til terrengtilpassing.

Eventuelle kulturminne skal dokumenterast.

Planleggars svar:

Planskildringa tek for seg dei tema som er ynskt. Planlagde tiltak er av ei mindre skala - midt i eksisterande campingplass og berre ei erstatning av eksisterande utbygging. Det vil ikkje føre til endring av landskap eller anna. Ålmenn tilgjenge til friluftsområda er sikra i planføresegnene.

**3. Fylkesmannen i Hordaland i e-post av 24.09.13:**

Fylkesmannen legg til grunn at planarbeidet er i samsvar med overordna plan. I tillegg minnar han på vurdering i høve naturmangfald og tek 10.

Planleggars svar:

Planskildringa tek opp dei aktuelle tema.

**4. BKK Nett AS i brev av 21.10.13:**

BKK reknar med at eksisterande strømfordelingsanlegg må oppgraderast. Det er høgspenningsanlegg i området som må takast omsyn til.

Planleggars svar:

Planskildringa tek opp dei aktuelle tema og vil ta dei med inn i høve til dei val ein tek i plan og føresegnar.

**11 FORSLAGSSTILLAR SIN AVSLUTTANDE KOMMENTAR**

Det er få endringar frå dagens status som vert gjennomført med utført planforslag. Det er etablering/erstatning av to utleigehytter som har utløyst kravet om reguleringsplan.

Planområdet og aktiviteten innanfor denne har vakse frå tilleggsnæring for gardsbruket til i dag å vere ei sjølvstendig aktivitet.

Planområdet omfattar eit større område enn det som er direkte knytt til dagens drift av campingplassen.

Planforslaget er mykje i samsvar med den drifte som går føre seg der i dag. Det gjeld plassering av vognar, område for leik osv. Etter ynskje frå Lindås kommune er planføresegnene utvida i høve til brannsikkerheit.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
	Levekårsutvalet	PS	
	Kommunestyret	PS	
005/15	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	02.02.2015
	Eldrerådet	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Terje Sætre	14/613

## Uttale til NOU 2014:12 Åpent og rettferdig - prioriteringer i helsetjenesten

Lindås kommune viser til NOU 2014:12 Åpent og rettferdig – prioriteringer i helsetjenesten, som er oversendt kommunen til høyring.

Kommunens uttale er identisk med KS sitt notat av 19.januar 2015 om rapporten, jfr. vedlegg 1 i saka.

### Saksopplysningar:

#### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

#### Vedlegg i saka:

1. Notat om utvalgte områder KS peker på som tema for høringsuttalelse fra KS/ kommunene - i forhold til NOU 2014:12 Åpent og rettferdig –prioritering i helsetjenesten.
2. NOU 2014:12 Åpent og rettferdig- prioriteringer i helsetjenesten

### Bakgrunn

Kvar einaste dag blir det gjort tusenvis av prioriteringsavgjersler i norsk helseteneste. Spørsmålet er ikkje om slike avgjersler må takast, men korleis dei skal gjerast på

best moglege måte.

Å prioritere inneber å rangere, det vil seie å sette noko framfor noko anna. Alt kan ikkje setjast først. Slik er det også i helsetenesta i Norge. Sjølv i vårt rike land må vi av og til seie nei til tilbod med liten helsegevinst og stor ressursbruk til fordel for andre menneske som treng det meir. I andre tilfelle kan låg prioritetet innebere at pasientar må vente lenger eller betale noko eller alt sjølv.

Prioritering har store konsekvensar og angår mange ulike interesser. Prioritering handlar om liv og død, sjukdom og lindring, einskildmenneske sin historie og befolkningas helse. Prioritering handlar også om kompliserte, medisinske avgjerlar, fagleg prestisje, sterke økonomiske interesser og politisk styring. Prioritering vekker difor kjensler og debatt.

Med så mykje på spel er riktig prioritering heilt avgjerande. Vi prioriterar aktivt fordi vi ønsker ei god og rettferdig fordeling av helse- og helseteneste. For å oppnå dette er open og rettferdig prioritering grunnleggjande. Idealet om openheit tilseier at prioritering bør skje i opne prosesser der all kjent kunnskap blir vurdert, alle argument blir lagt fram, alle partar blir høyrde, brukarane har påverknad og relevante omsyn blir veid mot kvarandre.

Idealet om rettferdigheit tilseier at prioritering må byggje på likebehandling og vektleggje dei vi kan hjelpe mest og som er dårlegast stilt.

God prioritering krev også forutsigbarheit. Vanskelege val bør følgje prinsipp, kriterier og prosedyrar vi på førehand har kome fram til i fellesskap. Desse er meir enn rettleiande. Dei bind beslutningstakarane til masten og bør følgjast, nettopp når det stormar som verst.

Prioriteringsarbeide i Norge står i dag foran fem utfordringar:

- eit gap mellom ressursar og behov
- eit gap mellom mål og resultat
- underliggande drivarar som motvirkar god prioriteringar
- manglar i dagens rammeverk for prioritering
- uavklarte spørsmål om riktig prioritering.

Gapet mellom ressursar og behov er aukande på grunn av demografiske endringar og særleg teknologisk utvikling. Slik utvikling er gledeleg, men samstundes ei utfordring for prioriteringsarbeidet fordi det blir fleire vanskelege val.

Gap mellom mål og resultat. Nyttast ressursane optimalt i forhold til helsetenesta sine målsetningar? Og prioriterar vi riktig?

Det er fleire underliggande drivarar som motvirkar god prioritering. Prioritering kan vere ubehageleg, og open prioritering kan føre til eksponering i media. Andre drivarar kan vere finansieringsordningar, som kan skyve prioriteringane i feil retning. Døme på dette kan vere historiske budsjett, som ikkje har endra seg raskt nok i takt med demografiske og epidemiologiske endringar, fordeling av helsepersonell der behovet for styring kjem i konflikt med helsepersonellens valfridom.

Manglar i dagens rammeverk. Kriterier som det i dag prioriterast etter vart utforma for snart

20 år sidan og er modne for revisjon.

Det er mange uavklare spørsmål om korleis ein bør prioritere. Dette gjeld generelle spørsmål om vi brukar for lite ressursar på førebyggjande tiltak eller for mykje på kostbare legemidlar for langkome kreft. Ny og kostbar teknologi kan gi relativt små, men viktige helsegevinster for einskildpersonar. Norge kan ikkje halde fram med å behandle slike saker einskildvis utan auka bevisheit om konsekvensar for heile helsesektoren. Manglande eller feil prioritering kan gi mange «tause taparar».

Utvalets svar på desse utfordringane er fire prinsipp for god prioritering:

- Prioriteringar bør søkje målet «flest mogeleg gode leveår for alle, rettferdig fordelt».
- Prioriteringar bør følgje av klare kriterier
- Prioriteringar bør gjerast systematisk, opent og med brukarmedverknad
- Prioriteringar bør gjennomførast med eit heilskapeleg sett med effektive virkemidlar.

Prioriteringar bør søkje målet «flest mogeleg gode leveår for alle, rettferdig fordelt». Måla bør vere godt forankra i den norske velferdsstatens verdier. Sentralt blant desse er menneskeverd, solidaritet, rettferdigheit, likebehandling, sjølvbestemmelse, valfridom, rettssikkerheit, forutsigbarheit og openheit. Ei rettferdig fordeling av gode leveår krev at fordelinga av helsegevinster og helsetenester byggjer på likebehandling og vektlegg gode leveår for dei dårlegast stilte.

God prioritering krev klare og velfunderte prioriteringskriterier, og at dei kan nyttast. Slike kriterier skal kunne hjelpe beslutningstakarane i ulike situasjonar med å rangere tiltak.

Prioriteringskriteriene som ligg til grunn for prioriteringar i dagens norske helsevesen baserar seg på tilrådingane frå det sokalla Lønning II-utvalet:

- tilstandens alvorlegheit
- nytten av tiltaket
- kravet om kostnadseffektivitet.

I NOU 2014:12 Åpent og rettferdig meiner utvalet at dagens prioriteringskriterier i hovudsak er gode. Utvalet meiner samstundes at prioriteringsarbeidet kan styrkast av ny terminologi og inndeling, noko endra innhald og større konkretisering av kva kriteriene betyr i praksis.

Utvalet rår til følgjande overordna kriterier:

- **Helsegevinstkriteriet:** eit tiltaks prioritet aukar med forventa helsegevinst (og annan relevant velferdsgevinst frå tiltaket)
- **Ressurskriteriet:** eit tiltaks prioritet aukar desto mindre ressursar det blir lagt beslag på
- **Helsetapskriteriet:** eit tiltaks prioritet aukar med forventa helsetap over livsløpet hos den eller dei som får helsegevinst.

**Kriteriane bør alltid bli sett i samheng med kvarandre og bør gjelde heile helsetenesta.** Det betyr at dei er meint å vere utgangspunktet for prioriteringar i svært ulike beslutningssituasjonar. Mellom anna er dei meint å rettleie beslutningstakarar på nasjonalt leiingsnivå og helsepersonell i deira kliniske arbeid, også i dei tilfelle der det ikkje ligg føre fullstendige, økonomiske analysar. I prioritering og i bruken av kriteriene er god dokumentasjon like fullt heilt sentralt.

**Helsegevinstkriteriet:**

- erstattar både det tidlegare nyttekriteriet og delar av kostnadseffektivitetskriteriet.
- framstår som mindre teknisk enn nytte og som meir direkte relevant på klinisk nivå og for befolkninga
- framhevar helsegevinster i form av gode leveår, men opnar samstundes for at andre relevante velferdsgevinster kan ha betydning for prioritering. Slike gevinstar kan vere redusert belastning for pårørande og betra arbeidsevne for pasienten.

**Ressurskriteriet:**

erstattar delar av kostnadseffektivitetskriteriet. Dette bidreg også til at kriteriene framstår som mindre tekniske og framhevar at mange prioriteringsbeslutningar, særleg på klinisk nivå, handlar om mykje meir enn det som kan målast i kroner og øre. Helsepersonell fattar kvar dag beslutningar der dei vurderar ressursbruken i form av sengeplassar, teknisk utstyr, transportmiddel til næraste sjukehus og ikkje minst eiga tid og merksemd.

**Helsetapskriteriet:**

- erstattar alvorlegheitskriteriet.
- er meint å fange opp det viktigaste fordelingsomsynet: at helsegevinster som tilfell dei dårlegast stilte skal bli gitt auka vekt. Dei dårlegast stilte er i denne samanheng definert som dei som har størst helsetap målt ut frå ein norm om minst 80 gode leveår for alle. Denne referanseverdien er sett relativt høgt. Sjølv om forventa levealder frå fødsel er litt over 80 år er tal forventa gode leveår om lag 67 år. Normen er sett høgare ut frå ei målsetting om fleire gode leveår over livsløpet.
- Definisjonen av helsetap gjer det mogeleg å berekne og samanlikne diagnosegrupper med ulik prognose for livsløpet med dagens behandling. T.d. har pasientar med ein alvorleg form for multippel sklerose i gjennomsnitt eit helsetap over livsløpet på om lag 40 gode leveår. Pasientar med diagnosen atrieflimmer (hjarreflimmer) har i gjennomsnitt eit helsetap på om lag 10 gode leveår. Fordelingsomsynet, basert på storleiken av helsetapet, tilseier at helsegevinster for pasientar med multippel sklerose bør bli gitt ein noko høgare prioritet enn helsegevinster frå tiltak mot atrieflimmer.
- Etter utvalets meining er den viktigaste måten å måle sjukdomsbyrde på er i form av summen tapte gode leveår, som følgje av tidleg død og leveår med sjukdom. Dei fire viktigaste årsakene til tapte gode leveår i Norge er lidingar i muskel og skjelett, mental helse og rusavhengigheit, kreft og hjartekarsjukdomar.

Utvalet har også vurdert fire andre kriterier. Desse er knytt til:

- alder
- mangel på alternativt tiltak
- bidrag til innovasjon
- sjeldenheit.

Utvalet konkluderar med at i den grad kriteriene representerar relevante omsyn, er desse allereie ivaretekne i dei tre hovudkriteriene utvalet tilrår. Viser elles til vedlagte NOU s. 101-111, der desse kriteriene er nærare drøfta.

Prioriteringar bør gjerast systematisk, opent og med brukarmedverknad. Opne og legitime prosessar er avgjerande for rettferdig prioritering. Utvalet rår til at prioriteringsprosessar på overordna nivå i større grad enn i dag aktivt utformast i samsvar med det etiske rammeverket «Ansvar for rimelige beslutningar». Rammeverket løftar fram fire vilkår som saman skal sikre ein legitim prioriteringsprosess: openheit, relevante grunngevingar, klagemogeleghet og høve for revisjon, regulering og institusjonalisering. Utvalet rår til at brukarane blir inkludert i

prioriteringsprosessar på alle nivå. Utvalet meiner at politikarar og andre beslutningstakarar har eit særleg ansvar for ikkje berre å lytte til dei gruppene som har størst innflytelse eller roper høgast, men også nøye vurderar kven som er eller kan bli dei tause taparane.

Prioriteringar bør gjennomførast med eit heilskapeleg sett med effektive virkemidlar:

- lov og forskrift
- leiing
- organ med særleg ansvar for prioritering
- finansieringsordningar

Utvalet meiner at dagens lov og forskriftsverk på prioriteringsområdet er fragmentert. Det er viktig at lovverket understøttar bruk av eit gitt sett med overordna prioriteringskriterier for heile helsetenesta. Berre på den måten kan prioritering gjerast konsistent. Utvalet meiner at kriteriene knytt til helsegevinst, ressursbruk og helsetap alle bør kome tydeleg fram i all relevant lov for forskriftstekst.

Utvalet meiner at bevisst og systematisk prioritering er ein sentral del av leiarane sine oppgåver og ansvar. Alle leiarar i helsetenesta bør ha inngåande kunnskap om prioriteringskriterier, prosesser og beslutningsverktøy. Leiarane bør aktivt søkje å ta i bruk prioriteringsrelevant informasjon. Utvikling av gode leiarar krev god opplæring. Prioriteringsproblematikken bør framover ha ein sentral plass i dei ulike leiarutdanningane og kurs som blir tilbode.

Utvalet meiner at det på nasjonalt nivå bør vere eit robust rådgjevande organ innan prioriteringsområdet. Dette organet bør først og fremst ha eit overordna rådgjevingansvar ovanfor sentrale helsemyndigheiter, men bør også kunne gi råd til helsetenesta elles. Utvalet meiner at dette best kan sikast ved å vidareføre Nasjonalt råd for kvalitet og prioritering i helse- og omsorgstenesta, samstundes som dagens ansvar for kvalitet blir overført til andre organ. Dei overordna prioriteringskriteriene knytt til helsegevinst, ressursbruk og helsetap må liggje til grunn for arbeidet. Det er også behov for rettleiarar i kommunehelsetenesta og for aktørar som fastlegar, helsesøstre og fysioterapeutar.

Finansieringsordningar bør utformast slik at dei leiar til beslutningar som samsvarar med dei overordna prioriteringskriteriene:

- Det er behov for meir kunnskap om korleis innsatsstyrt finansiering virkar på prioriteringane i sjukehusa
- Det er behov for meir kunnskap om korleis finansieringsordningane påvirker allmennlegar og spesialisters henvisningspraksis og prioriteringar. Henvisningspraksisen har stor betydning for spesialisthelsetenestas ressursbruk og folketrygdas utgifter. For å redusere praksisvariasjon som ikkje er medisinsk grunngeve, bør ansvarlege myndigheiter utvikle ordningar for å følgje med på, vurdere og om naudsynt følgje opp uheldig variasjon i henvisningspraksis.
- Korleis takstane i finansieringa av allmennlegar og spesialistar bør vurderast, slik at dei kan påvirke prioriteringane i ønska retning.
- Utvalet rår til endringar i eigenbetalingsordningane. For å avgrense bruk av lågt prioriterte tenester kan det vere riktig å auke bruken av eigenbetaling. For høgt prioriterte tenester bør eigenbetaling reduserast eller fjernast. Hensikten med tilrådingane er ikkje å auke omfanget av eigenbetaling, men å innrette eigenbetalingsordningane slik at dei bidreg til riktigare prioriteringar. Utvalet har vurdert to typer tiltak der endra eigenbetaling gradert etter priorititet kan vere aktuell. Det første er tiltak som gir store forventede helsegevinster i forhold til ressursbruken, og som er retta mot tilstander med store helsetap. Her vil det vere grunnlag for å redusere eller fjerne all eigenbetaling. Det andre er tiltak som gir små eller usikre helsegevinster i forhold til



ressursbruken, og som er retta mot tilstander med små helsetap. Her kan det vere grunnlag for å innføre gradert eller full eigenbetaling.

- Ei ordning med gradert eigenbetaling etter prioritet må knyttast direkte til nasjonale faglege retningslinjer og prioriteringsveileddarar, fordi gradering må skje innad i kvar tilstandsgruppe. Effekten av gradert eigenbetaling må overvakast nøye med omsyn til effektivitet og fordelingseffekter.

Viser elles til sjølve rapporten, jfr. vedlegg 2 i saka.

Høyringsfristen for uttale er sett til 20.februar 2015.

## **Vurdering**

Rådmannen sluttar seg til dei vurderingar som kjem i notat frå KS oversendt til kommunen 19.januar 2015, jfr. vedlegg 1 i saka.

I toppleiar møte 14. januar 2015 i Helse Bergen-området var prioriteringar i helse eit stort tema.